

Kulturstatistikk 2004

Statistiske analysar I denne serien blir det publisert analysar av statistikk om sosiale, demografiske og økonomiske forhold til ein breiare lesarkrets. Framstillingsforma er slik at publikasjonane også kan lesas av personar utan spesialkunnskapar om statistikk eller bearbeidingsmetoder.

Statistical Analyses In this series, Statistics Norway publishes analyses of social, demographic and economic statistics, aimed at a wider circle of readers. These publications can be read without any special knowledge of statistics and statistical methods.

© Statistisk sentralbyrå, januar 2006
Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg og gi opp Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-6891-5 Trykt versjon
ISBN 82-537-6893-1 Elektronisk versjon
ISSN 0804-3221

Emnegruppe
07 Fritidsvirksomhet, kulturell tjenesteyting og sport

Omslag: Siri E. Boquist
Trykk: Lobo Media as / 300

Standardteikn i tabellar	Symbol
Tal er umogeleg	.
Oppgåve manglar	..
Oppgåve manglar førebels	...
Tal kan ikkje offentleggjerast	:
Null	-
Mindre enn 0,5av den brukte eininga	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
Førebels tal	*
Brot i den loddrette serien	—
Brot i den vassrette serien	

Forord

I *Kulturstatistikk 2004* blir tal og opplysningar på 15 ulike kulturområde presenterte. Tala er i all hovudsak henta inn frå andre kjelder; andre fagseksjonar i Statistisk sentralbyrå, andre offentlege organisasjonar og interesseorganisasjonar.

Formålet er å gi ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike område innanfor norsk kultur. Tidlegare har Statistisk sentralbyrå publisert tabellane i serien Noregs offisielle statistikk.

Statistisk sentralbyrå har Internettsider der denne publikasjonen blir utgjeve.

Denne publikasjonen er utarbeidd av førstekonsulent Stein Ove Pettersen, førstekonsulent Liv Taule og konsulent Asta Bårdseth i samarbeid med Kultur- og kyrkjedepartementet. Ansvarleg seksjonssjef er Terje Risberg.

Statistisk sentralbyrå,
Oslo/Kongsvinger, 23. november 2005

Øystein Olsen

Innhald

1.	Offentlege utgifter og privat forbruk	13
2.	<i>Nærings- og sysselsetjingsstatistikk:</i> Liten nedgang i kulturnæringane	31
3.	<i>Kulturpolitiske tiltak:</i> 150 millionar kroner i stipend	43
4.	<i>Scenekunst, teater og dans:</i> Fleire framсыningar ved teater og opera i 2004	49
5.	<i>Musikk:</i> Fleire tilhøyrarar og større aktivitet	55
6.	<i>Festivalar:</i> 23 millionar i støtte til musikkfestivalar	65
7.	<i>Museum:</i> Sterk auke i enkeltbesøka ved musea	69
8.	<i>Bibliotek:</i> Bibliotek – meir enn bøker	77
9.	<i>Arkivverket:</i> 27 600 besøk hos arkiva	89
10.	<i>Bøker:</i> 5 000 nye bøker i 2004	91
11.	<i>Aviser og periodika:</i> Svak nedgang i opplagstala for avisa	99
12.	<i>Film og kino:</i> Færre besøk ved norske kinoar	105
13.	<i>Radio og TV:</i> Sendetida på TV aukar	113
14.	<i>Kulturminne:</i> 149 449 freda kulturminne i Noreg	121
15.	<i>Idrett og friluftsliv:</i> Framleis aukar talet på medlemmer i NIF	129
	Dei sist utgitte publikasjonane i serien Statistiske analysar	139

Figurregister

1. Offentlege utgifter og privat forbruk	
1.2.1. Brutto- og nettodriftsutgifter for fylkeskommunar til kulturformål	16
1.2.2. Fordeling av nettodriftsutgifter til kultursektoren i fylkeskommunar. 2004	17
1.2.3. Brutto- og nettodriftsutgifter til kultursektoren. 2004	17
1.3.1. Netto kommunale driftsutgifter for ulike driftsområde, etter fylke. 2004. Mill. kr	21
1.4.1. Utgift per hushald, etter vare- og tenestegruppe. 2002-2004	27
2. Nærings- og sysselsetjingsstatistikk: Liten nedgang i kulturnæringane	
2.1. Sysselsetjing per føretak. Næring 22, etter fylke. 2004	32
2.2. Sysselsetjing per føretak, etter fylke. Næring 92. 2004	33
3. Kulturpolitiske tiltak: 150 millionar kroner i stipend	
3.1. Utdelte beløp etter stipendtype. 1 000 kroner. 2004	43
4. Scenekunst, teater og dans: Fleire framsyningar ved teater og opera i 2004	
4.1. Fordeling av framsyningar for barn/ungdom, og vaksne ved norske teater. 2004	49
6. Festivalar: 23 millionar i støtte til musikk-festivalar	
6.1. Tilskot til musikkfestivalar, etter kategori. 2004. 1 000 kr	65
7. Museum: Sterk auke i enkeltbesøka ved musea	
7.1. Talet på besøk ved alle musea, etter fylke. 2004	69
7.2. Talet på enkeltbesøk og gruppebesøk ved musea. 2002-2004. Prosent	70
8. Bibliotek: Bibliotek – meir enn bøker	
8.1. Talet på folkebibliotek. 1999-2004	77
8.2. Folkebibliotek og utlån	78
9. Arkivverket: 27 600 besøk hos arkiva	
9.1. Lesesalbesøk og utleverte arkivstykke ved lesesalane. 1993-2004	89
11. Aviser og periodika: Svak nedgang i opplagstala for avisa	
11.1. Vekepresse. Gjennomsnittleg nettoopplag per nummer for dei største magasina. 2003-2004	100
14. Kulturminne: 149 449 freda kulturminne i Noreg	
14.1. Freda bygningar, etter eigartype. 31. desember 2004	121
15. Idrett og friluftsliv: Framleis aukar talet på medlemmer i NIF	
15.1. Medlemskap i Norges idrettsforbund, etter alder og kjønn. 2004	129
15.2. Kjønnfordeling blant dei aktive innanfor ulike særforbund. 2004	130

Tabellregister

1. Offentlege utgifter og privat forbruk	
1.1.1. Utgifter til kulturformål over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett 1994-2004. Rekneskapstal 1994-2004. Løyvingar. Mill. kr	14
1.1.2. Hovudfordeling av spelemidlar til idrettssektoren. 2001-2004. Mill. kr	15
1.1.3. Hovudfordeling av spelemidlar til kultursektoren. 2003 og 2004. Mill.kr	15
1.2.1. Netto- og bruttodriftsutgifter og bruttoinvesteringsutgifter for fylkeskommunar til ulike kulturformål. 2002-2004. Mill. kr	18
1.2.2. Nettodriftsutgifter for fylkeskommunar til kulturformål. 2002-2004. Kr per innbyggjar	19
1.2.3. Nettodriftsutgifter for fylkeskommunar til kulturformål. 2004. Prosent av totale nettodriftsutgifter	20
1.3.1. Nettodriftsutgifter for kommunar til ulike formål, etter fylke. 2004. Mill. kr	23
1.3.2. Nettodriftsutgifter for kommunar til rekreasjon, naturforvaltning og kulturminnevern, etter fylke. 2004. Prosent	23
1.3.3. Nettodriftsutgifter for kommunar til kyrkjeformål og andre religiøse formål, etter fylke. 2004. Prosent	24
1.3.4. Nettodriftsutgifter for kommunar til kultursektoren, etter fylke. 2004. Prosent	25
1.3.5. Nettodriftsutgifter til ulike formål for kommunar, etter fylke. 2004. Prosent av samla driftsutgifter	25
1.3.6. Nettodriftsutgifter til ulike formål for kommunar, etter fylke. 2004. Kr per innbyggjar ..	26
1.4.1. Utgift per hushald per år, etter vare- og tenestegruppe. 2001-2003 og 2002-2004	29
1.4.2. Konsum i hushald, gjeldande prisar. 1991-2004. Mill. kr	30
2. Nærings- og sysselsetjingsstatistikk: Liten nedgang i kulturnæringane	
2.1. Føretak, omsetning og sysselsetjing, unnateke offentleg forvaltning. Næring 22. 3-sifra næringskode og fylke. 2000-2002	34
2.2. Føretaksdemografi. Næring 22. 2002-2004. Bestandstal per 1. januar	35
2.3. Føretaksdemografi. Nyregistreringar, nyetableringar, opphøyr og nedleggingar. Næring 22. 2002-2004	36
2.4. Registerbasert sysselsetjingsstatistikk. Sysselsette 16-74 år, etter arbeidsstadsfylke. Næring 22 Forlagsverksemd, grafisk produksjon og reproduksjon av optak som er spela inn. Per 4. kvartal. 2002-2004	37
2.5. Føretak, omsetning og sysselsetjing, unnateke offentleg forvaltning. Næring 92. 3-sifra næringskode og fylke. 2000-2002	37
2.6. Føretaksdemografi. Næring 92. 2002-2004. Bestandstal per 1. januar	38
2.7. Føretaksdemografi. Nyregistreringar, nyetableringar, opphøyr og nedleggingar. Næring 92. 2002-2004	39
2.8. Registerbasert sysselsetjingsstatistikk. Sysselsette 16-74 år, etter arbeidsstadsfylke. Næring 92. Per 4. kvartal. 2000-2004	41
3. Kulturpolitiske tiltak: 150 millionar kroner i stipend	
3.1. Talet på stipend og beløp, etter stipendtype. 1999-2004. 1 000 kr	45
3.2. Norsk kulturfond. Løyvingar, etter område. 2001-2004. Mill. kr	46
3.3. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur. Innkjøpte titlar. 2001-2004	46
3.4. Norsk kulturråd. Innkjøpsordning for biletkunst og kunsthåndverk. Avsette midlar. 2002-2004. 1 000 kr	46
3.5. Opphavsrett. Innkravde og utbetalte vederlag, etter organisasjonar. 1999-2004. 1 000 kr	47

4.	Scenekunst, teater og dans: Fleire framsyningar ved teater og opera i 2004	
4.1.	Framsyningar og tilskodarar ved teater og opera. 2001-2004	51
4.2.	Teater og opera. Økonomiske nøkkeltal for tilskotsteatra. 2003 og 2004. 1 000 kr	52
4.3.	Frie teater- og dansegrupper. 1993-2004	52
4.4.	Personar som har vore på ballett- eller danseframføring, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste tolv månadene, etter kjønn, alder og utdanning. 1997, 2000 og 2004	53
4.5.	Personar som har vore på opera eller operette, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste tolv månadene, etter kjønn, alder og utdanning. 1997, 2000 og 2004	53
4.6.	Personar som har vore på teater, musikal eller revy, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste tolv månadene, etter kjønn, alder og utdanning. 1997, 2000 og 2004	54
5.	Musikk: Fleire tilhøyrarar og større aktivitet	
5.1.	Orkester. Konsertar og turnékonsertar og tilhøyrarar. 2001-2004	58
5.2.	Symfioniorkestra. Inntekter . 2003 og 2004. 1 000 kr	58
5.3.	Talet på produksjonar, konsertar og tilhøyrarar, etter konserttype og fylke. 2000-2004	59
5.4.	Statlege utgifter til musikk. Rekneskap. 1999-2004. 1 000 kr	59
5.5.	Statlege utdelingar til knutepunktinstitusjonar. 1999-2004. 1 000 kr	60
5.6.	Norges Musikkorps Forbund. Korps og medlemmer, etter krins. 1999-2004	60
5.7.	Norges Korforbund. Kor og medlemmer, etter fylke. 1997-2004	61
5.8.	Norsk musikkråd. Talet på medlemmer i dei ulike medlemsorganisasjonane. 2001-2004	62
5.9.	Personar som har vore på konsert med klassisk musikk, samtidsmusikk, kyrkje- musikk eller kor, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste tolv månadene, etter kjønn, alder og utdanning. 1997, 2000 og 2004	63
5.10.	Personar som har vore på pop-, jazz-, vise-, folkemusikk-, korpskonsert eller liknande, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste tolv månadene, etter kjønn, alder og utdanning. 1997, 2000 og 2004	63
5.11.	Personar som har vore på ulike typar konsertar sist dei var på konsert. 1991-2004. Prosent	64
6.	Festivalar: 23 millionar i støtte til musikkfestivalar	
6.1.	Utdelingar til musikkfestivalar, etter kategori. 2001-2004. 1 000 kr	66
6.2.	Personar som har vore på kulturfestival, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste tolv månadene, etter kjønn, alder og utdanning. 2004	67
6.3.	Personar som har vore på ulike typar arrangement sist dei var på kulturfestival, etter kjønn. 2004. Prosent	67
6.4.	Norske Festivaler. Talet på festivalar som er medlemmer, etter kategori. 2004	68
6.5.	Hovudtal frå medlemmer av Norske Festivaler. 2004. Rapporterte tal	68
7.	Museum: Sterk auke i enkeltbesøka ved musea	
7.1.	Museum og samlingar . Besøk og utstillingar. 2002-2004	72
7.2.	Museum og samlingar . Storleik på samlingane. 2002-2004	73
7.3.	Museum og samlingar. Årsverk, etter museumstype. 2004	74
	Museum og samlingar. Økonomi, etter museumstype. 2004. Mill. kr	74
7.5.	Museum på Internett, etter museumstype. 2004	75
7.6.	Besøk, utstillingar, gjenstandar, årsverk, driftskostnader og driftsinntekter, etter talet på besøk. 2004	75
7.7.	Personar som har vore på museum, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste tolv månadene, etter kjønn, alder og utdanning. 1997, 2000 og 2004	76
7.8.	Personar som har vore på ulike typar museum. 1994, 1997, 2000 og 2004. Prosent	76

8. Bibliotek: Bibliotek – meir enn bøker	
8.1. Folkebibliotek. Bøker og anna materiale, etter fylke. 1999-2004	80
8.2. Folkebibliotek. Bøker for vaksne og barn, etter fylke. 1999-2004	81
8.3. Folkebibliotek. Utlån av bøker, etter fylke. 1999-2004	82
8.4. Folkebibliotek. Utlån av andre medium, etter fylke. 1999-2004	83
8.5. Folkebibliotek. Driftsutgifter, etter fylke. 1999-2004	84
8.6. Prosentdel som har vore på folkebibliotek, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste tolv månadene, etter kjønn, alder og utdanning. 1997-2004	85
8.7. Fylkesbibliotek. Utlån og rekneskap. 2000-2004	85
8.8. Skolebibliotek. Vidaregåande skolar. Bokmengd og utlån, etter fylke. 1999-2003	86
8.9. Fengselsbibliotek. Bokmengd og utlån. 1997-2004	86
8.10. Fag- og forskingsbibliotek. Hovudtabell. 2004	87
8.11. Personar som har nytta ulike bibliotektilbod dei siste tolv månadene. 1997-2004. Prosent	88
9. Arkivverket: 27 600 besøk hos arkiva	
9.1. Lesesalbesøk og utleverte arkivstykke på lesesalen. 1993-2004	90
9.2. Utlån til andre arkivinstitusjonar og andre institusjonar. 1993-2004	90
10. Bøker: 5 000 nye bøker i 2004	
10.1. Utgjevne bøker og småtrykk. 1995-2004. Talet på titlar	93
10.2. Utgjevne bøker, etter utgjevarspråk. 1995-2004. Talet på titlar	94
10.3. Omsette bøker og småtrykk, etter originalspråk. 1995-2004. Talet på titlar	94
10.4. Andre typar utgjevingar. 1995-2004. Talet på titlar	95
10.5. Utgjeven barne- og ungdomslitteratur. 1995-2004. Talet på titlar	95
10.6. Den Norske Forleggerforening. Bokomsetning til utsalsprisar. 1990-2004. Mill. kr	95
10.7. Omsetning og talet på selde eksemplar, etter bokgruppe. 2002-2004	96
10.8. Pliktavlevert materiale til Nasjonalbiblioteket i Rana. 1994-2004	96
10.9. Prosentdel boklesarar og minutt brukt til lesing av bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder og utdanning. 1997-2004	97
10.10. Lesarar fordelte på boktype ein gjennomsnittsdag. 1997-2004. Prosent	97
11. Aviser og periodika: Svak nedgang i opplagstala for avisa	
11.1. Aviser, etter type og opplag. 2002-2004	101
11.2. Opplagstal for dei største avisene. 1997-2004	101
11.3. Norske aviser på Internett, ved utgangen av året. 1997-20031	102
11.4. Vekepresse. Gjennomsnittleg nettoopplag per nummer. 1997-2004	102
11.5. Fagpresse. Talet på periodika og opplag per utgjeving, etter gruppe . 2004	104
11.6. Minutt brukt til lesing av avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag. 2000-2004	104
12. Film og kino: Færre besøk ved norske kinoar	
12.1. Kinoar. Verksemda ved kinoane, etter eigarform. 2004	107
12.2. Besøk ved kinoane, etter kinotype og fylke. 2001-2004	108
12.3. Sensurerte langfilmar ved Statens filmtilsyn, etter type sensur og produksjonsland	109
12.4. Samlingar ved Norsk filminstitutt. 1985, 1991, 1998, 2001-2004	110
12.5. Talet på filmproduksjonar. 1997-2004	110
12.6. Personar som har vore på kino, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste tolv månadene, etter kjønn, alder og utdanning. 1997-2004	111
12.7. Personar som har vore på ulike typar film sist dei var på kino. 1997-2004. Prosent	111

13. Radio og TV: Sendetida på TV aukar

13.1. Norsk rikskringkasting. Sendetid , etter programtype og radiokanal. 2000-2004	115
13.2. Norsk rikskringkasting. Sendetid, etter programtype og fjernsynskanal. 2003-2004 ...	116
13.3. TV2. Sendetid, etter programtype. 2000-2004. Timar	116
13.4. Norsk rikskringkasting. Sendetid i radio og fjernsyn, etter målform. 2003-2004. Prosent	117
13.5. Registrerte fjernsynslisensar, etter fylke. 31. desember. 2001-2004	117
13.6. Konesjon for drift av lokalfjernsyn og nærradio, etter fylke. 1999-2004	118
13.7. Radiolytting og fjernsynssjåing blant personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag. Lyttar- og sjåardelar i prosent. 1991-2004	119
13.8. Minutt brukt til radiolytting og fjernsynssjåing ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder og utdanningsnivå. 2001-2004	120

14. Kulturminne: 149 449 freda kulturminne i Noreg

14.1. Freda kulturminne. Enkelminne, etter kategori og fylke. 31. desember 2004	124
14.2. Vedtaksfreda kulturminne, etter hovudgruppe, vedtaksår og fylke. 31. desember 2004	125
14.3. Freda kulturminne, etter fredingsform og type. 31. desember 2004	125
14.4. SEFRAK-registrerte bygningar. Talet på bygningar og tap, etter fylke. 31. desember	126
14.5. Kommunal byggesaksbehandling i område med stor miljøverdi. 2001-2004	127
14.6. Dispensasjonsbehandling i fylkeskommunen, etter kulturminneloven og plan- og bygningssloven. 2001-2004	128

15. Idrett og friluftsliv: Framleis aukar talet på medlemmer i NIF

15.1. Talet på lag og medlemskap, fordelt på idrettskrins. 2001-2004	132
15.2. Bedriftsidrettslag og talet på medlemskap. 2001-2004	133
15.3. Talet på aktive, etter særforbund. 2004	133
15.4. Talet på anlegg, etter klassifikasjon, fordelt på fylke. 2004	135
15.5. Talet på anlegg og innbyggarar per anlegg for nokre utvalde anleggs-kodar. 2004	135
15.6. Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO). Lokallag og medlemskap. 2001-2004	136
15.7. Hovudfordeling av spelemidlar til idrettssektoren. 2001-2004. Mill. kr	137
15.8. Personar som har vore på idrettsarrangement, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste tolv månadene, etter kjønn, alder og utdanning. 1997-2004	138
15.9. Personar som har vore på ulike typar arrangement sist dei var på idrettsarrangement. 1991, 1994, 1997, 2000 og 2004. Prosent	138

1. Offentlege utgifter og privat forbruk

1.1. Offentlege utgifter – Stat

7 milliardar til kultur og idrett

Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett viser at det blei løyva 5,85 milliardar kroner til ulike kulturformål i 2004. I tillegg blei overskotet frå Norsk Tipping overført til kultur og idrett. For 2004 var overføringane 2,1 milliardar. 600 millionar av overføringane frå Norsk Tipping er inkludert i budsjettet frå Kultur- og kyrkjedepartementet, slik at dei totale overføringane til kultur og idrett var 7,05 milliardar i 2004.

Utgiftene til kulturformål frå Kultur- og kyrkjedepartementet låg på 5,85 milliardar kroner i 2004. Dette er ein auke på nær 300 millionar sidan 2003. Dei største utgiftspostane var Den norske kyrkja med 1,13 milliardar og teater og opera med 874 millionar kroner. Bortsett frå utgifter til Den norske kyrkja, som høyrde til eit anna departement fram til 2002, har den største auken sidan 2000 vore innanfor film og media og samleposten andre kulturformål, som auka med høvesvis 246 og 190 millionar kroner.

Kulturbudsjettet sin del av både dei totale statlege midlane og bruttonasjonalproduktet gjekk noko ned i 2004. I 2003 blei 0,66 prosent av dei statlege midlane brukt til kulturbudsjettet, noko som var ein auke i forhold til 2002, medan talet gjekk ned til 0,61 prosent i 2004. For bruttonasjonalproduktet var talet 0,35 prosent i 2004, mot 0,37 prosent i 2003 og 0,34 prosent i 2002. Sjå tabell 1.1.1 for alle detaljane.

2,1 milliardar frå spelemidlane

Årleg har kultursektoren motteke midlar frå overskotet i Norsk Tipping, og i 2004 blei det overført 2,1 milliardar kroner til idrett og kultur. Sidan 1946 har overskotet i Norsk Tipping blitt fordelt etter ulike fordelingsnøklar mellom idrett, kultur og forskning.

Midlane til idrett skal fordelast av Kongen i statsråd, og er her vist i tabell 1.1.2. I 2004 blei det fordelt 1,2 milliardar kroner, og over halvparten gjekk til idrettsanlegg. Dei andre store mottakspostane var 340 millionar kroner til Noregs Idrettsforbund og Olympiske Komité, og 120 millionar i tilskot til lokale lag og foreiningar.

Når det gjeld midlane til kulturformål, skal 2/3 fordelast av Stortinget og 1/3 av Kongen i statsråd. Beløpet som Stortinget fordeler er inkludert i tabell 1.1.1, og den siste tredelen er vist i tabell 1.1.3. Samstundes er det bestemt visse retningslinjer

for korleis desse midlane skal fordelast. Om lag 40 prosent skal gå til den kulturelle skolesekken, og resten skal fordelast likt mellom Frifond og investeringar og vedlikehald av lokale og regionale kulturelle møteplassar.

Tabell 1.1.3 viser òg at midlane til kulturformål blei fordobla frå 150 millionar kroner i 2003 til 300 millionar i 2004. Den kulturelle skolesekken fekk særleg auka støtte til dei lokale tiltaka, frå 36 millionar til 84 millionar. Dei sentrale

prosjekta auka med 50 prosent til 36 millionar kroner. Støtta til regionale kulturbygg auka med 60 prosent til 26 millionar, og samstundes blei det innført ein ny post, regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur, som fekk 35 millionar. Dei andre postane blei omtrent fordobla.

For meir informasjon sjå: Kultur- og kyrkjedepartementet: odin.dep.no/kkd/

Spillemidlene.no: www.spillemidlene.no/

Tabell 1.1.1. Utgifter til kulturformål over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett 1994-2004. Rekneskapstal 1994-2004. Løyvingar. Mill. kr

	1994	1996	1998	2000	2002	2003	2004
I alt	2 535,4	3 983,8	3 248,4	3 571,2	5 237,9	5 559,6	5 851,1
Allmenne kulturformål ¹	64,5	72,5	120,0	324,4	270,1	290,1	280,3
Kulturbygg ²	134,4	150,4	50,6	108,7	107,5	65,9	119,5
Norsk kulturråd ³	143,6	159,5	176,2	216,9	227,0	232,3	249,6
Kunstnarformål	100,1	104,8	146,2	237,7	273,4	290,0	293,0
Biletkunst mv.	151,3	189,4	216,9	177,7	238,5	248,2	272,6
Musikkformål	261,3	349,1	398,9	345,1	407,7	428,2	455,5
Teater og opera	524,5	645,9	706,7	712,8	791,8	819,4	874,4
Samordningstiltak for arkiv, bibliotek og museum	61,2	90,2	113,7
Film og media	495,3	550,1	573,7	515,7	703,5	726,7	761,7
Språk-, litteratur- og bibliotek- formål	201,3	256,1	282,7	311,2	303,7	341,3	350,6
Museumsformål	219,2	296,6	339,7	387,0	438,0	452,4	493,6
Arkivformål	110,3	120,9	145,3	151,9	172,3	175,7	185,6
Den norske kyrkja	980,2	1 109,0	1 129,0
Idrettsformål	20,8	9,2	9,2	15,0	..
Andre kulturformål	68,2	79,3	82,3	82,1	263,1	275,2	272,0
Prosent av statlege midlar i alt	0,56	0,75	0,55	0,50	0,60	0,66	0,61
Prosent av BNP i alt	0,29	0,39*	0,30	0,25	0,34	0,37	0,35

¹ Ikkje inkl. løyvingar til kulturbygg og midlar frå Norsk kulturfond.

² Inkl. nasjonale, regionale og lokale kulturbygg. Midlar frå Norsk kulturfond er ikkje medrekna.

³ Inkl. berre Norsk kulturfond.

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

Tabell 1.1.2. Hovudfordeling av spelemidlar til idrettssektoren. 2001-2004. Mill. kr

	2001	2002	2003	2004
I alt	824,0	858,3	1 050,0	1 200,0
Idrettsanlegg	370,8	415,0	546,5	656,2
Nasjonalanlegg/- spesielle anlegg	37,5	13,0	26,0	22,6
Forsknings- og utviklingsarbeid	20,5	20,9	24,7	23,4
Spesielle aktivitetar ...	23,3	23,9	33,4	37,9
Noregs Idrettsforbund og Olympiske Komité	289,5	299,5	314,4	340,0
Tilskot til lokale lag og foreningar	82,4	86,0	105,0	120,0

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

Tabell 1.1.3. Hovudfordeling av spelemidlar til kultursektoren. 2003 og 2004. Mill.kr

	2003	2004
I alt	150,0	300,0
Den kulturelle skolesekken		
Lokale tiltak	36,0	84,0
Sentrale prosjekt	24,0	36,0
Frifond		
Musikk- og amatørteaterarbeid	17,0	34,2
Anna frivillig verksemd ¹	28,0	55,8
Kulturbygg		
Regionale kulturbygg	16,3	26,0
Lokale kulturbygg	28,7	29,0
Regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur	-	35,0

¹ Blir forvalta av Barne- og familiedepartementet.

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

1.2. Offentlege utgifter – Fylkeskommunar

917,5 millionar i fylkeskommunale utgifter til kulturformål

I 2004 rapporterte dei norske fylkeskommunane inn totalt 788,8 millionar kroner i nettodriftsutgifter til kultursektoren, og 128,8 millionar kroner i netto driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø. Bruttodriftsutgifter for desse to områda var høvesvis 1,6 milliardar og 844 millionar kroner.

Tabell 1.2.1 viser hovudtala for alle fylkeskommunane. Der kjem det fram at det er stor forskjell på forholdet mellom brutto- og nettodriftsutgifter for fylkeskommunane. Oslo har høgast nettodriftsutgifter for kultursektoren med 98,5 millionar, samstundes som dei har 110,7 millionar i bruttodriftsutgifter. På den andre sida har Rogaland høgast bruttodriftsutgifter med 136,8 millionar, medan nettodriftsutgifter er 58,7 millionar. For fysisk planlegging, kulturminne og natur og nærmiljø blir biletet enda meir komplisert. Nordland fylkeskommune har høgast bruttodriftsutgifter med 218,4 millionar, samstundes har dei lågast nettodriftsutgifter med -105,6 millionar. Dette betyr at dei har inntekter eller overføringar på 324 millionar kroner innanfor dette området, slik at dei får ei total nettodriftsinntekt på 105,6 millionar i 2004. Den vanlegaste forklaringa på denne typen inntekt er at til dømes øyremarka tilskot, overføringar eller brukarbetalingar blir motteke det eine året, medan utgiftene oppstår året etter eller fleire år etter. I tillegg blei det frå og med 2004 innført ein kompensasjon for meirverdiavgift som kan gjere at nettodriftsutgifter blir lågare. Tre andre fylkeskommunar har også negative nettodriftsutgifter for fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø.


Figur 1.2.1 viser den totale samanhengen mellom brutto- og nettodriftsutgifter til kulturformål for fylka. Nordland kjem også her ut i ei særstilling, med totalt

349 millionar kroner i bruttodriftsutgifter og 46 millionar kroner i nettodriftsinntekter.


Dei største utgiftspostane innanfor kultursektoren er kunstformidling og museum med høvesvis 31 og 25 prosent av dei totale nettodriftsutgiftene til kultursektoren. Dei lågaste nettodriftsutgiftene innanfor kultursektoren var innanfor idrett.

Figur 1.2.3 viser brutto- og nettodriftsutgifter for dei ulike områda innanfor kultursektoren, og vi ser at dei klart største bruttodriftsutgiftene har idrett, sjølv om det er i denne sektoren vi óg finn dei lågaste nettodriftsutgiftene. Vi

Figur 1.2.1. Brutto- og nettodriftsutgifter for fylkeskommunar til kulturformål



Figur 1.2.2. Fordeling av nettodriftsutgifter til kultursektoren i fylkeskommunar. 2004



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

ser også at det er minst forskjell mellom brutto- og nettodriftsutgifter for museum.

171 kroner per innbyggjar


Tabell 1.2.2 viser kor mykje fylkeskommunane bruker per innbyggjar for dei ulike kulturformåla. Denne inndelinga viser at det er fleire av fylka som har nettodriftsinntekter innanfor enkelte av desse utgiftsområda.

Totalt blir det brukt i gjennomsnitt 171,2 kroner per innbyggjar, og det høgaste gjennomsnittet finn vi i Troms med 464,4 kroner per innbyggjar. Det lågaste gjennomsnittet er i Østfold, der det blir brukt 61,5 kroner per innbyggjar. I gjennomsnitt bruker fylka mest per innbyggjar på kunstformidling og minst på idrett. Vi ser at ni av fylka har negative nettodriftsutgifter for idrett. Det er også andre tal som skil seg ut i tabellen. Oslo bruker i gjennomsnitt 144,6 kroner per innbyggjar på kunstformidling, og Troms fylkeskommune bruker i gjennomsnitt 354,9 kroner per innbyggjar på kunstproduksjon. Sjå tabell 1.2.2 for alle detaljane.

2 prosent av totale nettodriftsutgifter

Vi har også laga ein tabell som viser fylkeskommunane sine nettodriftsutgifter

Figur 1.2.3. Brutto- og nettodriftsutgifter til kultursektoren. 2004



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

til kulturformål i prosent av dei totale nettodriftsutgiftene. I 2004 var dei totale nettodriftsutgiftene for fylka 44,39 milliardar kroner. I gjennomsnitt bruker fylka 2,07 prosent av dei totale nettodriftsutgiftene til kulturformål. Øvst kjem Finnmark med 11,81 prosent, der 8,62 prosent blir brukt på fysisk planlegging, kulturminne, natur og miljø. Ser vi bort ifrå Nordland som bruker minst på grunn av dei store nettodriftsinntektene på fysisk planlegging, kulturminne, natur og miljø, kjem Oslo lågast ut med å bruke 0,53 prosent av dei totale nettodriftsutgiftene til dei ulike kulturformåla. Sjå tabell 1.2.3 for nærare detaljar.

For meir informasjon, sjå: www.ssb.no/kostra

Rekneskapsomgrep i statistikken**Nettodriftsutgifter**

Nettodriftsutgifter viser driftsutgiftene inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, som mellom anna inneheld øyremerka tilskot frå staten og andre direkte inntekter, er trekte frå. Resten av utgiftene må dekkjast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringar frå staten mv. Indikatoren vil syne prioriteringa til fylket eller kommunen av dei frie inntektene i forhold til målgruppa for tenesta.

Bruttodriftsutgifter

Bruttodriftsutgifter viser dei samla driftsutgiftene inkludert avskrivningar korrigert for dobbeltføringar som kjem av vidarefordeling av utgifter/internkjøp mv. Utgifter til både eigenproduksjon av tenester og kjøp av tenester frå andre. Bruttodriftsutgifter blir målt i forhold til brukarar av tenesta.

Bruttoinvesteringsutgifter

Bruttoinvesteringsutgifter syner investeringsutgifter korrigert for fordelte utgifter og internasjonal. For å vise prioritering av nybygging, større utviklingstiltak og andre investeringar, blir det brukt bruttoinvesteringsutgifter per innbyggjar.

For nærare informasjon, sjå: <http://www.ssb.no/kostra/>.. fagleg rettleiing

Tabell 1.2.1. Netto- og bruttodriftsutgifter og bruttoinvesteringsutgifter for fylkeskommunar til ulike kulturformål. 2002-2004. Mill. kr

	Nettodriftsutgifter		Bruttodriftsutgifter		Bruttoinvesteringsutgifter	
	Kultur- sektoren	Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø	Kultur- sektoren	Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø	Kultur- sektoren	Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø
2002	750,8	193,3	1 457,1	481,9	68,5	6,9
2003	781,7	173,9	1 639,3	704,9	38,4	27,7
2004	788,8	128,8	1 624,3	844,1	44,0	70,6
2004						
Østfold	15,9	7,4	56,9	29,2	7,2	-
Akershus	56,5	29,4	118,5	43,1	4,8	12,6
Oslo	98,5	-0,2	110,7	0,8	-	-
Hedmark	42,4	12,1	74,4	36,0	0,3	-
Oppland	23,9	-11,6	57,3	91,8	-	-
Buskerud	37,3	9,5	72,3	14,4	0,0	-
Vestfold	44,9	24,5	80,1	29,5	10,8	17,1
Telemark	26,7	-6,3	56,2	76,4	-	2,9
Aust-Agder	17,0	4,4	47,1	7,3	-	-
Vest-Agder	23,3	26,6	55,5	44,9	0,1	38,0
Rogaland	58,7	17,3	136,8	24,0	1,2	-
Hordaland	49,4	12,9	131,0	79,2	4,9	-
Sogn og Fjordane ...	30,9	3,8	63,4	12,4	-	-
Møre og Romsdal ...	43,4	8,5	87,4	15,1	1,5	-
Sør-Trøndelag	31,9	18,5	85,3	23,6	1,8	-
Nord-Trøndelag	36,5	6,5	80,9	11,2	0,9	-
Nordland	59,4	-105,6	130,8	218,4	9,8	-
Troms	70,9	13,2	124,4	14,5	-	-
Finnmark Finnmarku	21,4	57,7	55,3	72,3	0,7	-

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.2.2. Nettodriftsutgifter for fylkeskommunar til kulturformål. 2002-2004. Kr per innbyggjar

	I alt	Biblio- tek	Mu- seum	Kunst- formid- ling	Kunst- produk- sjon	Idrett	Andre kultur- aktivi- tetar	Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø
2002	207,5	23,0	36,1	32,8	21,2	19,6	32,3	42,5
2003	170,8	23,1	42,3	49,6	10,3	14,7	30,9	38,0
2004	171,2	22,4	41,9	53,6	19,4	2,1	31,8	28,0
2004								
Østfold	61,5	19,4	29,7	15,4	4,4	-30,0	22,7	28,6
Akershus	114,3	16,4	16,8	1,5	15,3	55,3	9,0	59,5
Oslo	186,0	-4,0	37,7	144,6	0,0	0,0	7,7	-0,4
Hedmark	224,9	23,7	43,4	83,5	35,4	0,9	37,9	64,5
Oppland	130,2	18,3	38,1	85,1	1,0	-0,9	-11,3	-63,1
Buskerud	153,1	29,3	54,1	33,5	1,2	13,0	22,1	39,2
Vestfold	203,3	37,3	72,8	15,2	0,5	3,7	73,8	111,2
Telemark	160,6	30,4	18,2	57,0	0,0	2,2	52,8	-37,9
Aust-Agder	164,1	47,8	75,8	50,0	0,6	-36,6	26,5	42,7
Vest-Agder	144,4	23,0	60,9	67,2	8,4	-33,9	18,8	164,8
Rogaland	149,4	10,3	36,7	40,0	7,1	0,1	55,1	44,0
Hordaland	110,3	13,5	61,7	33,4	0,0	-29,5	31,1	28,9
Sogn og Fjordane ...	288,5	44,3	54,2	58,9	0,0	-7,9	139,0	35,2
Møre og Romsdal ...	177,2	28,3	40,5	67,8	1,3	22,2	17,3	34,8
Sør-Trøndelag	117,0	21,1	43,5	68,6	0,3	-8,3	-8,2	67,8
Nord-Trøndelag	283,8	25,7	27,5	102,5	0,5	24,7	102,8	50,7
Nordland	250,6	43,7	39,8	38,8	34,8	46,9	46,5	-446,0
Troms	464,4	50,1	40,3	16,6	354,9	-10,9	13,5	86,2
Finmark Finnmarku	293,1	85,7	44,2	0,2	86,4	-91,0	167,6	790,2

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.2.3. Nettodriftsutgifter for fylkeskommuner til kulturformål. 2004. Prosent av totale nettodriftsutgifter

	I alt	Bibliotek	Museum	Kunstformidling	Kunstproduksjon	Idrett	Andre kulturaktiviteter	Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø
Heile landet	2,07	0,23	0,43	0,56	0,20	0,02	0,33	0,29
Østfold	1,68	0,36	0,55	0,29	0,08	-0,56	0,42	0,53
Akershus	3,26	0,31	0,32	0,03	0,29	1,04	0,17	1,11
Oslo	0,53	-0,01	0,11	0,41	0,00	0,00	0,02	0,00
Hedmark	4,40	0,36	0,66	1,27	0,54	0,01	0,58	0,98
Oppland	1,04	0,28	0,59	1,32	0,02	-0,01	-0,18	-0,98
Buskerud	3,50	0,53	0,98	0,61	0,02	0,24	0,40	0,71
Vestfold	5,86	0,69	1,36	0,28	0,01	0,07	1,37	2,07
Telemark	1,98	0,49	0,29	0,92	0,00	0,04	0,85	-0,61
Aust-Agder	3,18	0,74	1,17	0,77	0,01	-0,56	0,41	0,66
Vest-Agder	5,08	0,38	1,00	1,10	0,14	-0,56	0,31	2,71
Rogaland	3,30	0,18	0,63	0,68	0,12	0,00	0,94	0,75
Hordaland	2,54	0,25	1,13	0,61	0,00	-0,54	0,57	0,53
Sogn og Fjordane ...	3,31	0,45	0,55	0,60	0,00	-0,08	1,42	0,36
Møre og Romsdal ...	3,11	0,41	0,59	0,99	0,02	0,32	0,25	0,51
Sør-Trøndelag	3,35	0,38	0,79	1,24	0,01	-0,15	-0,15	1,23
Nord-Trøndelag	4,02	0,31	0,33	1,23	0,01	0,30	1,23	0,61
Nordland	-2,30	0,52	0,47	0,46	0,41	0,55	0,55	-5,25
Troms	6,34	0,58	0,46	0,19	4,09	-0,13	0,16	0,99
Finnmark Finnmarku	11,81	0,94	0,48	0,00	0,94	-0,99	1,83	8,62

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

1.3. Offentlege utgifter – Kommunar

Kommunane bruker 8 milliardar til ulike kulturformål

I 2004 var dei totale nettodriftsutgiftene for kommunane til kultur, kyrkje, og rekreasjon og kulturminnevern 8 milliardar kroner. Størstedelen av utgiftene gjeld kultursektoren, med 5,3 milliardar, der idrett utgjer 1,4 milliardar av desse. Resten av utgiftene fordeler seg med 744 millionar til rekreasjon, naturforvaltning og kulturminne, og 1,9 milliardar til kyrkje og andre religiøse formål.

Totalt har kommunane i Rogaland dei høgaste utgiftene til kulturformål, 861 millionar kroner, deretter kjem Oslo og kommunane i Hordaland med høvesvis 826 og 825 millionar kroner.

Tabell 1.3.1 viser hovudtala fordelte på fylke. Oversikta viser at Oslo har dei største nettodriftsutgiftene til rekreasjon, naturforvaltning og kulturminne med 135 millionar kroner. Deretter følgjer kommunane i Rogaland med totalt 86,7 millionar kroner. Utgiftene til kyrkje og andre religiøse formål er høgast i kommunane i Hordaland og Rogaland med høvesvis 197,3 og 183,4 millionar kroner. Det er

også kommunane i desse to fylka som har dei høgaste utgiftene til kultursektoren, med høvesvis 562,4 og 590,6 millionar kroner. Kommunane i Finnmark har lågast utgifter til desse formåla, når vi ser bort frå kultursektoren, der kommunane i Aust-Agder har lågast utgifter med 116,4 millionar kroner.


495 millionar til rekreasjon i tettstad

Ser vi nærare på dei tre utgiftspostane under rekreasjon, naturforvaltning og kulturminne, finn vi at den største utgiftsposten til kommunane her er rekreasjon i tettstad, med 66,5 prosent av utgiftene. Kommunane i Oppland skil seg i så måte ut med at naturforvaltning og friluftsliv er den største utgiftsposten innanfor dette området med 52,9 prosent. Elles ser vi også at kommunane i Sogn og Fjordane relativt sett har høgast utgifter knytt til kulturminnevern, med 10,2 prosent av utgiftene til rekreasjon, naturforvaltning og kulturminnevern. Tabell 1.3.2 viser desse detaljane.

... 1,8 milliardar til kyrkje og gravferd

Den norske kyrkja og kyrkjegardar, gravlundar og krematorium står for 93,5 prosent av kommunane sine utgifter til kyrkje og andre religiøse formål. Kommunane i Vest-Agder og Oslo skil seg ut med at utgiftene til andre religiøse formål utgjer meir enn 10 prosent, høvesvis 19,4 og 12,9 prosent. Sjå tabell 1.3.3.

Figur 1.3.1. Netto kommunale driftsutgifter for ulike driftsområde, etter fylke. 2004. Mill. kr



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

... og over 1 milliard til idrett og folkebibliotek

For kommunane er idrett og folkebibliotek dei største utgiftspostane i kultursektoren, med høvesvis 26,4 og 19,5 prosent av utgiftene. Kommunane i Akershus bruker 32,7 prosent av utgiftene til kultursektoren på idrett, medan kommunane i Hedmark bruker 23,7 prosent på folkebibliotek. Andre tal som skil seg ut, er Oslo som bruker 29,5 prosent på aktivitetstilbod for barn og unge, kommunane i Finnmark som bruker 3,3 prosent på kino, kommunane i Hordaland som bruker 10,2 prosent på museum, kommunane i Vest-Agder som bruker 12,3 prosent på kunstformidling, kommunane i Møre og Romsdal som bruker 22,9 prosent på musikkskolar og kommunane i Rogaland som har 22,4 prosent knytt til andre kulturaktivitetar. Sjø tabell 1.3.4 for alle detaljane.

6,2 prosent av samla nettodriftsutgifter

Vi har også laga ein tabell som viser tala frå tabell 1.3.1 i prosent av kommunane sine samla nettodriftsutgifter. I 2004 var totale nettodriftsutgifter for kommunane 130,9 milliardar kroner. Tabell 1.3.5 viser at kommunane brukte 0,6 prosent av samla nettodriftsutgifter til rekreasjon, naturforvaltning og kulturminne, 1,5 prosent på kyrkje og andre religiøse formål og 4,1 prosent på kultursektoren. Ved hjelp av denne indikatoren kjem det fram at kommunane i Vest-Agder bruker mest på rekreasjon, naturforvaltning og kulturminne, med 0,9 prosent av deira samla nettodriftsutgifter. Kommunane i Aust-Agder bruker 2,3 prosent av samla nettodriftsutgifter i kommunen på kyrkje og andre religiøse formål. Kommunane i Rogaland bruker mest på kultursektoren med 5,5 prosent.

1 741 kroner per innbyggjar

Ein annan indikator som er vanleg å bruke, er å ta omsyn til talet på innbyggjarar i kommunane. Totalt bruker alle kommunane i gjennomsnitt 1 741 kroner per innbyggjar på rekreasjon, kyrkje og kultur. Oslo har høgast utgifter per innbyggjar til naturforvaltning og friluftsliv, kulturminnevern og aktivitetstilbod for barn og unge, med høvesvis 89, 24 og 297 kroner. Område som er tynt folkesett, kjem vanlegvis høgast ut ved slike indikatorar, og kommunane i Finnmark har høgast utgifter per innbyggjar på nesten alle postane innanfor kultursektoren. Kommunane i Vest-Agder har høgast gjennomsnitt når det gjeld kunstformidling med 153 kroner per innbyggjar. Kommunane i Rogaland bruker mest på andre kulturaktivitetar og rekreasjon i tettstad med høvesvis 336 og 176 kroner per innbyggjar. Utgifter til Den norske kyrkja per innbyggjar er høgast i Aust-Agder, medan utgifter til andre religiøse formål er høgast i Vest-Agder. Sjø tabell 1.3.6 for alle detaljane.

Vedleggstabell 1 viser tala for kvar ein-skild kommune. For meir informasjon om kommunane og deira utgifter, sjå nærare på dei følgjande lenkjene:

Kommunefakta: <http://www.ssb.no/kommuner/>

Kostra: <http://www.ssb.no/kostra/>

Kommunal- og regionaldepartementet: <http://odin.dep.no/krd/> .

Tabell 1.3.1. Nettodriftsutgifter for kommunar til ulike formål, etter fylke. 2004. Mill. kr

	Rekreasjon, naturforvaltning og kulturminne	Kyrkje og andre religiøse formål	Kultur-sektoren
Heile landet	744,2	1 904,2	5 314,1
Østfold	42,4	101,4	258,8
Akershus	57,8	164,5	521,0
Oslo	135,0	157,3	534,1
Hedmark	17,0	72,0	182,9
Oppland	23,1	84,6	202,6
Buskerud	44,2	93,7	264,6
Vestfold	41,2	94,8	245,6
Telemark	24,2	82,7	214,1
Aust-Agder	16,7	67,5	116,4
Vest-Agder	42,0	71,7	200,5
Rogaland	86,7	183,4	590,6
Hordaland	65,8	197,3	562,4
Sogn og Fjordane ..	16,7	60,7	125,7
Møre og Romsdal ..	30,7	111,8	260,3
Sør-Trøndelag	30,9	96,2	299,9
Nord-Trøndelag	12,7	50,7	127,5
Nordland	30,5	122,1	301,7
Troms	14,6	57,5	178,9
Finnmark Finnmarku	12,1	34,4	126,6

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.2. Nettodriftsutgifter for kommunar til rekreasjon, naturforvaltning og kulturminnevern, etter fylke. 2004. Prosent

	Rekreasjon, naturforvaltning og kulturminnevern	Rekreasjon i tettstad	Naturforvaltning og friluftsliv	Kulturminnevern
Heile landet	100,0	66,5	28,5	5,0
Østfold	100,0	54,6	40,5	4,9
Akershus	100,0	56,7	37,4	5,9
Oslo	100,0	55,4	35,0	9,6
Hedmark	100,0	71,5	27,2	1,3
Oppland	100,0	44,0	52,9	3,1
Buskerud	100,0	77,2	22,1	0,7
Vestfold	100,0	68,7	29,1	2,3
Telemark	100,0	74,0	23,5	2,6
Aust-Agder	100,0	66,3	32,2	1,5
Vest-Agder	100,0	66,0	30,0	4,0
Rogaland	100,0	79,9	18,8	1,3
Hordaland	100,0	78,2	13,2	8,5
Sogn og Fjordane ..	100,0	72,3	17,6	10,2
Møre og Romsdal ..	100,0	79,0	17,8	3,2
Sør-Trøndelag	100,0	62,1	30,0	7,9
Nord-Trøndelag	100,0	60,2	39,0	0,7
Nordland	100,0	68,5	26,0	5,6
Troms	100,0	71,6	28,0	0,4
Finnmark Finnmarku	100,0	61,4	34,3	4,3

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.3. Nettodriftsutgifter for kommunar til kyrkjeformål og andre religiøse formål, etter fylke. 2004. Prosent

	Kyrkje- formål og andre religiøse formål i alt	Den norske kyrkja og kyrkjegar- dar, grav- lundar og krema- torium	Andre reli- giøse formål
Heile landet	100,0	93,5	6,5
Østfold	100,0	92,2	7,8
Akershus	100,0	94,2	5,8
Oslo	100,0	80,6	19,4
Hedmark	100,0	97,2	2,8
Oppland	100,0	97,4	2,6
Buskerud	100,0	93,1	6,9
Vestfold	100,0	94,7	5,3
Telemark	100,0	92,2	7,8
Aust-Agder	100,0	91,8	8,2
Vest-Agder	100,0	87,1	12,9
Rogaland	100,0	93,1	6,9
Hordaland	100,0	95,6	4,4
Sogn og Fjordane ...	100,0	98,7	1,3
Møre og Romsdal ...	100,0	96,6	3,4
Sør-Trøndelag	100,0	96,4	3,6
Nord-Trøndelag	100,0	97,7	2,3
Nordland	100,0	95,9	4,1
Troms	100,0	96,9	3,1
Finnmark Finnmarku	100,0	97,4	2,6

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.4. Nettodriftsutgifter for kommunar til kultursektoren, etter fylke. 2004. Prosent

	Kultur- sektoren i alt	Aktivitets- tilbod for barn og unge	Folke- biblio- tek	Kino	Museum	Kunst- formid- ling	Idrett	Musikk- skolar	Andre kultur- aktivitetar
Heile landet	100,0	13,7	19,5	0,9	4,6	5,6	26,4	13,8	15,4
Østfold	100,0	12,2	21,0	0,8	4,6	4,2	30,7	9,1	17,3
Akershus	100,0	16,6	20,5	-0,2	2,1	3,4	32,7	14,7	10,2
Oslo	100,0	29,5	20,9	0,0	7,1	1,9	23,8	4,1	12,6
Hedmark	100,0	13,1	23,7	1,6	2,7	5,8	21,9	16,7	14,5
Oppland	100,0	8,9	22,5	1,8	3,2	2,5	26,4	16,0	18,7
Buskerud	100,0	14,5	20,3	1,4	2,5	4,2	28,0	12,8	16,4
Vestfold	100,0	14,7	21,9	1,6	4,1	8,6	25,8	10,6	12,9
Telemark	100,0	14,0	20,2	1,8	2,6	6,8	23,6	15,8	15,3
Aust-Agder	100,0	6,3	22,0	2,7	5,8	2,3	25,3	13,5	22,1
Vest-Agder	100,0	15,0	18,7	1,3	5,2	12,3	21,5	11,2	14,8
Rogaland	100,0	12,0	16,0	0,9	3,6	6,5	25,6	13,1	22,4
Hordaland	100,0	9,8	18,4	-0,5	10,2	6,9	31,7	13,4	10,1
Sogn og Fjordane	100,0	7,6	22,8	1,7	1,4	2,3	26,7	20,2	17,3
Møre og Romsdal	100,0	7,0	19,4	2,3	2,5	3,8	21,9	22,9	20,2
Sør-Trøndelag	100,0	12,4	16,8	0,3	1,9	10,4	28,1	17,7	12,3
Nord-Trøndelag	100,0	7,0	22,6	2,6	2,9	3,4	20,6	21,0	19,9
Nordland	100,0	11,6	17,4	2,0	4,5	10,5	21,2	16,4	16,5
Troms	100,0	11,8	15,9	-0,5	4,9	6,7	25,9	16,4	18,9
Finnmark Finnmarku	100,0	11,6	19,8	3,3	9,5	2,1	24,7	14,3	14,8

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.5. Nettodriftsutgifter til ulike formål for kommunar, etter fylke. 2004. Prosent av samla driftsutgifter

	Rekreasjon, naturforvalt- ning og kulturminne	Kyrkje og andre religiøse formål	Kultur- sektoren
Heile landet	0,6	1,5	4,1
Østfold	0,6	1,5	3,8
Akershus	0,5	1,4	4,4
Oslo	0,7	0,8	2,9
Hedmark	0,3	1,3	3,4
Oppland	0,4	1,6	3,8
Buskerud	0,7	1,5	4,1
Vestfold	0,7	1,6	4,2
Telemark	0,5	1,7	4,3
Aust-Agder	0,6	2,3	4,0
Vest-Agder	0,9	1,6	4,4
Rogaland	0,8	1,7	5,5
Hordaland	0,5	1,6	4,5
Sogn og Fjordane ..	0,5	1,8	3,7
Møre og Romsdal ..	0,4	1,6	3,7
Sør-Trøndelag	0,4	1,4	4,4
Nord-Trøndelag	0,4	1,4	3,6
Nordland	0,4	1,6	4,0
Troms	0,3	1,3	4,1
Finnmark Finnmarku	0,5	1,4	5,3

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.6. Nettodriftsutgifter til ulike formål for kommunar, etter fylke. 2004. Kr per innbyggjar

	I alt	Rek- reasjon i tettstad	Natur- forvalt- ning og friluftsliv	Kultur- minne- vern	Den norske kyrkja med meir	Andre religiøse formål	Aktivitets- tilbod for barn og unge
Heile landet	1 741	108	46	8	389	27	160
Østfold	1 557	89	66	8	361	31	122
Akershus	1 504	66	44	7	314	19	175
Oslo	1 560	141	89	24	239	57	297
Hedmark	1 443	64	25	1	371	11	127
Oppland	1 694	55	67	4	450	12	98
Buskerud	1 685	143	41	1	365	27	161
Vestfold	1 729	128	54	4	407	23	164
Telemark	1 931	108	34	4	459	39	181
Aust-Agder	1 936	107	52	2	598	54	71
Vest-Agder	1 949	172	78	10	387	58	186
Rogaland	2 190	176	42	3	434	32	180
Hordaland	1 846	115	19	13	422	19	123
Sogn og Fjordane	1 913	114	28	16	564	8	90
Møre og Romsdal	1 646	99	22	4	441	16	74
Sør-Trøndelag	1 614	72	35	9	350	13	141
Nord-Trøndelag	1 501	60	39	1	390	9	70
Nordland	1 929	89	34	7	497	21	148
Troms	1 778	74	29	0	394	13	149
Finnmark Finnmarku	2 518	108	60	8	488	13	213
	Folke- bibliotek	Kino	Museum	Kunst- formidling	Idrett	Musikk- skolar	Andre kultur- aktivitetar
Heile landet	227	11	53	66	307	160	179
Østfold	210	8	46	42	308	91	173
Akershus	216	-2	22	36	345	155	108
Oslo	211	0	72	19	240	41	127
Hedmark	230	16	26	56	213	162	141
Oppland	249	20	36	27	292	177	207
Buskerud	225	15	28	46	310	141	182
Vestfold	243	17	45	95	287	118	143
Telemark	260	23	33	87	303	203	197
Aust-Agder	247	31	65	26	284	152	248
Vest-Agder	233	16	65	153	267	140	183
Rogaland	241	13	54	97	385	196	336
Hordaland	231	-7	129	87	399	169	127
Sogn og Fjordane ...	270	21	16	27	316	239	205
Møre og Romsdal ...	207	24	27	40	233	244	215
Sør-Trøndelag	190	4	22	118	319	201	140
Nord-Trøndelag	227	26	29	34	207	210	200
Nordland	223	25	57	135	271	210	211
Troms	201	-7	62	86	329	208	239
Finnmark Finnmarku	365	61	174	38	455	263	272

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

1.4. Privat forbruk

12,4 prosent av forbruket i hushalda går til kultur og fritid

Eit vanleg norsk hushald brukte i gjennomsnitt 38 085 kroner årleg til kultur og fritid i perioden 2002-2004. Dette er ein liten nedgang sett i forhold til førre forbruksundersøking som viste at hushalda brukte i gjennomsnitt 38 365 kroner årleg i perioden 2001-2003. Samstundes gjekk delen av hushalda sitt totale forbruk til kultur og fritid ned frå 12,6 prosent til 12,4 prosent.

Hovudtala viser at hushalda sin største utgiftspost til kultur og fritid er tenester, kultur og fritid, med 9 836 kroner per år i gjennomsnitt eller 26 prosent av utgifterne til kultur og fritid. Figuren under viser også at dei andre store hovudpostane i hushalda sine kulturutgifter er anna utstyr til fritid og hage og audiovisuelt utstyr, begge ligg på 18 prosent.


Den største enkeltutgiftsposten hushalda har innanfor kultur og fritid er aviser og tidsskrift med 3 104 kroner kvart år. Dei andre store utgiftspostane er spel og lotteri, utstyr for mottaking, opptak og reproduksjon av lyd og bilete, og sport og fritidstenester med høvesvis 2 930 kroner, 2 826 kroner og 2 383 kroner.

Hushalda bruker også meir pengar på kategorien tenester, kultur og fritid. Det har vore ein auke på 126 kroner til 9 836

kroner frå siste forbruksundersøking, der mellom anna utgiftene til kulturelle tenester og underhaldning har auka med 181 kroner. Det har også vore ein auke i kategorien anna utstyr, fritid og hage, der utgifter til kjæledyr har auka med 257 kroner, og utgifter til blomstrar og hage har auka med 95 kroner. Samstundes har det vore ein nedgang i kategorien andre varer, kultur og fritid på 484 kroner til 2 494 kroner. Nedgangen i denne kategorien kjem i hovudsak frå lågare utgifter til større gjenstandar for utandørs rekreasjon. Det har også vore ein nedgang frå 7 051 kroner til 6 275 kroner på hushalda sine utgifter til feriereiser og pakketurar.

På grunn av små årlege utval kan ein berre publisere tal for enkeltgrupper når ein slår saman utvala til forbruksundersøkingane over tre år. Resultatet er difor tidfesta ved 2002-2004 for siste undersøking, og 2001-2003 for den førre undersøkinga. Sjå tabell 1.4.1 for fleire detaljar frå forbruksundersøkingane 2001-2003 og 2002-2004.

Figur 1.4.1. Utgift per hushald, etter vare- og tenestegruppe. 2002-2004



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Hushalda bruker 92,1 milliardar på kultur

Tal frå nasjonalrekneskapan syner at det totale konsumet av kulturgode i dei norske hushalda i 2004 utgjer 92,1 milliardar kroner. Dette er ein auke på 4,5 milliardar i forhold til 2003. Den største auken har vore innanfor fritidstenester med 2,2 milliardar, eller 49 prosent av

heile auken. Ser vi attende til 2000, syner tala at konsumet i hushalda har auka med 15 milliardar, eller 20 prosent. I denne perioden har konsumet til fritids-tenester auka med 5,9 milliardar, og konsumet av bøker og fritidstenester har auka med 5,2 milliardar. Og ser vi heilt tilbake til 1991, ser vi at konsumet av kulturgode har auka med heile 55,7 milliardar kroner.

Hovudtala til og med 2004 er henta frå den kvartalsvise nasjonalrekneskapen, men Statistisk sentralbyrå har også tal frå den endelege nasjonalrekneskapen. Her blir tala presenterte med mykje fleire detaljar, men det ligg føre berre tal til og med 2002.

Den sterkaste auken i konsum blant dei enkelte kulturgoda frå 1991 til 2002 var innanfor kino, teater og idrettsarrangement. I 1991 blei det brukt 4 milliardar, og det auka til 9,4 milliardar i 1999, og var heile 11 milliardar kroner i 2002. Dei andre store utgiftspostane i 2002 var lotteri og totalisatorspel med 9,7 milliardar, og pakketurar med 9,1 milliardar kroner. Den største auken frå 2001 til 2002 var innanfor lotteri og totalisatorspel. I denne gruppa gjekk hushalda sitt forbruk opp med 17 prosent. Desse tala, syner som forbruksundersøkingane, at hushalda bruker mindre på pakketurar enn tidlegare. Sjå tabell 1.4.2 for alle detaljane frå nasjonalrekneskapen.

For meir informasjon om forbruksundersøkingane og nasjonalrekneskapen, viser vi til desse lenkjene:

Temaside: Forbruket i hushalda:
www.ssb.no/forbruk/

Temaside: Nasjonalrekneskap:
www.ssb.no/regnskap/

Tabell 1.4.1. Utgift per hushald per år, etter vare- og tenestegruppe. 2001-2003 og 2002-2004

Vare- og tenestegruppe 09	2001-2003		2002-2004	
	Utgift. Kr (2003-prisar)	Del av total for- bruksutgift. Prosent	Utgift. Kr (2004-prisar)	Del av total for- bruksutgift. Prosent
Kultur og fritid i alt	38 365	12,6	38 085	12,4
091 Audiovisuelt utstyr	6 308	2,1	6 696	2,2
Utstyr for mottaking, opptak og reproduksjon av lyd og bilete	2 728	0,9	2 826	0,9
Fotoutstyr, kikkertar mv.	573	0,2	567	0,2
IT-utstyr	1 685	0,6	1 847	0,6
Film, CD, kassetar o.l.	1 246	0,4	1 365	0,4
Rep. audiovisuelt, foto- og IT-utstyr	76	0,0	91	0,0
092 Andre varer, kultur og fritid	2 978	1,0	2 494	0,8
Større gjenstandar for utandørs rekreasjon	2 294	0,8	1 885	0,6
Musikkinstrument, større gjenstandar for innandørs rekreasjon	311	0,1	346	0,1
Reparasjon av større gjenst. kultur og fritid	373	0,1	263	0,1
093 Anna utstyr, fritid og hage	6 543	2,1	6 895	2,2
Spel, leiker og hobby	1 589	0,5	1 599	0,5
Utstyr til sport, camping	1 672	0,5	1 662	0,5
Blomstrar og hage	2 202	0,7	2 297	0,7
Kjæledyr	1 080	0,4	1 337	0,4
094 Tenester, kultur og fritid	9 710	3,2	9 836	3,2
Sport- og fritidstenester	2 386	0,8	2 383	0,8
Kulturelle tenester, underhaldning . Av dette	4 343	1,4	4 524	1,5
Kino, teater og konsertar	954	0,3	993	0,3
Museum, zoologisk hage	331	0,1	384	0,1
Fjernsynsavgift og leige av utstyr .	2 274	0,7	2 360	0,8
Andre tenester	784	0,3	788	0,3
Spel og lotteri	2 981	1,0	2 930	1,0
095 Aviser, bøker og skrivemateriell	5 775	1,9	5 889	1,9
Bøker	2 076	0,7	2 181	0,7
Aviser og tidsskrifter	3 129	1,0	3 104	1,0
Diverse trykksaker	279	0,1	295	0,1
Papirvarer	290	0,1	309	0,1
096 Feriereiser, pakketurar	7 051	2,3	6 275	2,0

Kjelde: Forbruksundersøkingane, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.4.2. Konsum i hushald, gjeldande prisar. 1991-2004. Mill. kr

Type kulturgode	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997
I alt	36 401	40 065	42 983	45 997	50 764	56 494	60 935
Foto- og IT-utstyr	2 446	2 974	3 374	3 754	4 524	5 076	5 746
Fotoutstyr, kikkertar mv.	360	389	434	465	514	584	672
EDB-utstyr, kalkulatorar mv.	730	1 045	1 238	1 417	2 019	2 412	2 744
Grammofonplater, lydband og film mv.	1 356	1 540	1 702	1 872	1 991	2 080	2 330
Varig fritidsutstyr	5 847	6 828	7 212	7 047	7 881	8 541	9 308
Utstyr for attgjeving av lyd og bilete	4 200	5 042	5 258	4 937	5 516	5 788	6 017
Musikkinstrument, båtar og anna varig utstyr for fritidsaktivitetar	1 647	1 786	1 954	2 110	2 365	2 753	3 291
Bøker, fritidsartiklar	13 727	14 683	15 791	16 876	18 279	19 703	20 921
Leiketøy og hobbyartiklar	1 651	1 837	1 787	1 848	2 105	2 395	2 633
Sports- og campingutstyr mv.	1 349	1 552	1 813	1 960	2 044	2 081	2 160
Blomstrar, prydbusker og kjæledyr	3 648	3 734	4 006	4 321	4 806	5 308	5 757
Bøker	1 889	2 033	2 229	2 404	2 651	2 900	3 108
Aviser, vekeblad og tidsskrift mv.	4 593	4 891	5 293	5 679	6 016	6 331	6 530
Skrivemateriell	597	636	663	664	657	688	733
Fritidstenester	14 381	15 580	16 606	18 320	20 080	23 174	24 960
Reparasjon av fritidsvarer	371	365	393	390	414	426	400
Veterinærtenester og andre tenester som gjeld kjæledyr	172	194	202	209	245	275	311
Kino, teater, idrettsarr., kulturell tenesteyting mv.	3 952	4 263	4 734	5 385	6 115	6 864	7 541
Kringkastingstenester	2 123	2 258	2 438	2 502	2 541	2 731	2 954
Lotteri- og totalisatorspel	3 861	4 156	4 331	4 992	5 318	6 491	6 562
Pakketurar	3 902	4 344	4 508	4 842	5 447	6 387	7 192
	1998	1999	2000	2001 ¹	2002 ¹	2003 ¹	2004
I alt	65 723	71 846	76 761	81 389	84 803	87 601	92 109
Foto- og IT-utstyr	6 816	8 478	9 620	9 934	10 200	10 698	11 407
Fotoutstyr, kikkertar mv.	675	670	765	790	808
EDB-utstyr, kalkulatorar mv.	3 550	4 660	5 546	5 722	5 855
Grammofonplater, lydband og film mv.	2 591	3 148	3 309	3 422	3 537
Varig fritidsutstyr	10 855	11 269	11 503	12 176	12 498	13 108	13 961
Utstyr for attgjeving av lyd og bilete	6 988	7 227	7 375	7 792	7 900
Musikkinstrument, båtar og anna varig utstyr for fritidsaktivitetar	3 867	4 042	4 128	4 384	4 598
Bøker, fritidsartiklar	21 685	22 812	23 690	25 415	26 893	28 143	28 901
Leiketøy og hobbyartiklar	2 692	2 782	3 081	3 161	3 276
Sports- og campingutstyr mv.	2 288	2 404	2 667	2 736	2 844
Blomstrar, prydbusker og kjæledyr	6 023	6 265	6 147	6 918	7 690
Bøker	3 237	3 411	3 372	3 458	3 595
Aviser, vekeblad og tidsskrift mv.	6 620	7 040	7 472	8 166	8 474
Skrivemateriell	825	910	951	976	1 014
Fritidstenester	26 367	29 287	31 948	33 864	35 212	35 651	37 840
Reparasjon av fritidsvarer	400	339	356	356	381
Veterinærtenester og andre tenester som gjeld kjæledyr	334	346	343	377	402
Kino, teater, idrettsarr., kulturell tenesteyting mv.	8 121	9 385	10 053	10 688	11 001
Kringkastingstenester	3 200	3 561	4 095	4 327	4 608
Lotteri- og totalisatorspel	7 090	7 143	7 547	8 253	9 693
Pakketurar	7 222	8 513	9 554	9 863	9 127

¹ Korrigerede tal.

Kjelde: Nasjonalrekneskapen, Statistisk sentralbyrå.

2. Liten nedgang i kulturnæringane

Dei siste tilgjengelege tala frå 2002 for kulturnæringane syner at det har vore ein liten nedgang i aktiviteten for begge næringsgruppene. Talet på føretak gjekk ned frå 14 315 i 2001 til 13 480 i 2002, talet på sysselsette gjekk også ned frå 67 000 til 61 700, og den totale omsetninga blei redusert med 1,3 milliardar.

Det er to hovudnæringsgrupper vi tek med når vi snakkar om kulturnæringar, næring 22 – forlagsverksemd, grafisk produksjon og reproduksjon av innspela opptak, og næring 92 – fritidsverksemd, kulturell tenesteyting og sport.

Dette kapitlet viser tre ulike sider ved desse to hovudnæringane. Tabellane 2.1 og 2.5 viser informasjon som er basert på årgangspopulasjonen frå Bedrifts- og føretaksregisteret. Dette er ein meir fullstendig populasjon, men den er først klar nokre år i etterkant. Dei siste tala som er tilgjengelege er for 2002.

Vi har også meir aktuell informasjon for talet på føretak innanfor dei to aktuelle næringane, henta frå Bedrifts- og føretaksregisteret. Der årgangspopulasjonen viser talet på føretak som har hatt aktivitet i året, viser bestandstala talet på føretak per 1. januar i dei enkelte åra. Til dømes viser tabell 2.1 at det er 4 074 einingar innanfor næring 22 i årgangspopulasjonen, medan tabell 2.2 syner at det er 3 877 einingar per 1. januar 2002. Føretaksdemografien har også tal for nyregistrerte, nyetablerte, opphøyrdte og

nedlagde føretak kvart år. Tabellane 2.2 og 2.3 syner føretaksdemografien for næring 22, medan tabellane 2.6 og 2.7 viser tal for næring 92.

I tillegg har vi meir aktuelle tal for sysselsetjing henta frå den registerbaserte sysselsetjingsstatistikken for begge næringane. Desse tala viser sysselsette i aldersgruppa 16 til 74 år i 4. kvartal det gjeldande året. Talet for sysselsetjing frå årgangspopulasjonen til bedrifts- og føretaksregisteret viser gjennomsnittleg tal på personar i føretaket i året, og vil sannsynlegvis variere frå den registerbaserte sysselsetjingsstatistikken. Til dømes viser tabell 2.1 at det var 32 760 sysselsette innanfor næring 22 i 2002, mens tabell 2.4 viser at det var 30 763 sysselsette innanfor næring 22 i 4. kvartal 2002.

Næring 22 - forlagsverksemd, grafisk produksjon og reproduksjon av innspela opptak


Innanfor næring 22 var det 4 074 føretak, som totalt sysselsette 32 760 personar, og som hadde ei omsetning på 36,9 milliardar kroner i 2002. Næringsgruppa viser

at det var flest føretak innanfor grafisk produksjon og tenester i tilknytning til grafisk produksjon, 2 233 i talet. Samstundes var det flest sysselsette og størst omsetning innanfor forlagsverksemd med høvesvis 22 393 sysselsette og 25,1 milliardar i omsetning.

Det er flest føretak i dei mest folkerike fylka, men ser vi nærare på sysselsette per eining, ser biletet litt annleis ut. Det var 16,3 sysselsette per føretak i Rogaland og 10,5 per føretak i Oslo. Ser vi på omsetning per føretak, kjem Oslo og Rogaland ut på topp med høvesvis 15,5 millionar og 9,6 millionar per eining. Tabell 2.1 viser fleire detaljar.

Bestandtala for føretak innanfor næring 22 viser at nedgangen som gjekk fram av tabell 2.1 held fram i tabell 2.2. 1. januar

Figur 2.1. Sysselsetjing per føretak. Næring 22, etter fylke. 2004



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.
Kartgrunnlag: Statens kartverk.

2004 var det 3 746 føretak, medan i 2002 var det 3 877.

Dei største enkeltnæringane er gruppene trykking elles med 990 føretak, og annan grafisk produksjon med 747 føretak. Det er også desse to enkeltnæringane som hadde den største nedgangen i talet på føretak. Elles var det ein liten auke i dei ulike forlagsverksemdene. Størst var auken for utgjeving av blad og tidsskrift med 13 prosent til 325 føretak i 2004. Tabell 2.2 viser detaljane.

Det finst også tal som syner fleire detaljar når det gjeld talet på nyregistrerte og opphøyrdte føretak, samt nyetablerte og nedlagde føretak dei siste åra. Den klaraste skilnaden er at det var færre føretak som opphøyrdte eller blei nedlagde i 2004 samanlikna med 2003, og nivået er også lågare enn i 2002.

Vi ser også at det har vore ein auke i talet på nyregistrerte og nyetablerte føretak dei siste tre åra, frå 541 i 2002 til 629 i 2004. På bakgrunn av desse tala kan vi rekne med at det vil kome ein auke i talet på føretak per 1. januar 2005. Tabell 2.3 syner alle detaljane.

Tal frå den registerbaserte sysselsetjingsstatistikken viser at per 4. kvartal 2004 var det 28 900 sysselsette i næring 22. Til samanlikning var det 30 800 i 2002 og 29 500 i 2003. Det var nedgang innanfor alle dei tre enkeltnæringane. Mest markant er nedgangen for reproduksjon av opptak som er spela inn. I 2002 var det 227 sysselsette i næringa, i 2004 var dette redusert med 33 prosent til 153 sysselsette.


Forlagsverksemd er den største av næringane, med 69 prosent av dei sysselsette. I Akershus, Oppland og Vest-

fold er det likevel fleire sysselsette innanfor grafisk produksjon og tenester i tilknytning til grafisk produksjon. Tabell 2.4 viser dei andre fylkesfordelte tala for næring 22.

Næring 92 – fritidsverksemd, kulturell tenesteyting og sport

Innanfor næring 92 var det 9 406 føretak, som totalt sysselsette 28 878 personar, og som hadde ei omsetning på 31,7 milliardar kroner i 2002. Eit nærare blikk på næringsgruppa viser at det var flest føretak innanfor annan underhaldningsverksemd og sport og idrett med høvesvis 4 177 og 2 037. Det er også desse to næringane som har flest sysselsette med høvesvis 7 446 og 7 220. Den største omsetninga er innanfor anna fritidsverksemd og radio og fjernsyn med høvesvis 12,8 og 6,5 milliardar.

Figur 2.2. Sysselsetjing per føretak, etter fylke. Næring 92. 2004



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.
Kartgrunnlag: Statens kartverk.

Tala viser at det var 4,6 sysselsette per føretak i Oslo og 3,7 i Hedmark. Hedmark kom best ut når vi ser på omsetning per føretak med 32,6 millionar. Deretter kjem Oslo med 4,3 millionar. Tabell 2.5 syner alle detaljane frå næring 92.

Innanfor næring 92, finn ein at dei største enkeltnæringane er sjølvstendig kunstnarisk verksemd med 5 349 føretak, og sport og idrett elles med 1 824 føretak. Sport og idrett elles hadde også den mest markante auken i talet på føretak i perioden, saman med film- og videoproduksjon, høvesvis 42 og 45 prosent. Tabell 2.6 syner alle detaljane.

Dersom ein ser på endringane dei siste åra, ser ein den same trenden som for næring 22. Innanfor næring 92 var det 922 opphøyrdte og nedlagde føretak i 2004, mot 5 982 i 2003. Den klaraste forskjellen finn vi innanfor sjølvstendig kunstnarisk verksemd, men trenden er også klar innanfor dei andre undergruppene. Talet på nyregistrerte og nyetablerte føretak auka også frå 6 543 i 2003 til 9 420 i 2004. Tabell 2.7 viser alle detaljane frå næring 92.

Tal frå den registerbaserte sysselsetjingsstatistikken viser at per 4. kvartal 2004 var det 37 600 sysselsette innanfor næring 92. Dette er ein auke sett i forhold til tidlegare år. Det er berre innanfor film og video det er færre sysselsette no enn tidlegare. Dei mest markante aukingane var innanfor anna underhaldningsverksemd og nyheitsbyrå med høvesvis 28 prosent og 21 prosent auke sidan 2000.

Anna underhaldningsverksemd er den største av næringane med 25 prosent av dei sysselsette, deretter følgjer sport og idrett med 23 prosent. Dersom ein ser på fylka, viser det seg at sport og idrett er

størst i ti fylke og anna underhaldningsverksemd er størst i to fylke. Det er flest sysselsette innanfor drift av bibliotek, arkiv, museum og andre kulturetablisement i seks av fylka. I Hedmark er flest sysselsette i anna fritidsverksemd. Tabell 2.8 viser dei andre fylkesfordelte tala for næring 92.

For meir informasjon sjå:

Temaside: Bedrift og føretak
<http://www.ssb.no/naeringsliv/>

Temaside: Arbeid
<http://www.ssb.no/arbeid/>

Tabell 2.1. Føretak, omsetning og sysselsetjing, unnateke offentleg forvaltning. Næring 22. 3-sifra næringskode og fylke. 2000-2002

	Føretak i alt	Syssel- setjing ¹	Omset- ning ² . 1 000 kr
2000	4 226	36 611	35 369 615
2001	4 296	35 486	37 383 869
2002	4 074	32 760	36 850 924
3-sifra næringskode			
22.1 Forlagsverksemd	1 712	22 393	25 115 634
22.2 Grafisk produksjon og tenester i tilknytning til gra- fisk produksjon .	2 233	10 131	11 508 308
22.3 Reproduksjon av opptak som er spela inn	129	236	226 982
Østfold	198	1 627	1 135 858
Akershus	460	2 078	2 656 215
Oslo	1 300	13 637	20 128 626
Hedmark	120	814	713 941
Oppland	107	740	694 982
Buskerud	177	788	810 244
Vestfold	179	824	1 007 373
Telemark	122	814	747 390
Aust-Agder	68	317	296 270
Vest-Agder	99	611	557 551
Rogaland	228	3 710	2 187 207
Hordaland	332	2 415	1 976 109
Sogn og Fjordane	40	343	241 333
Møre og Romsdal	169	693	663 466
Sør-Trøndelag	178	1 275	1 455 235
Nord-Trøndelag	51	411	315 055
Nordland	110	696	600 642
Troms	80	551	496 345
Finnmark Finnmarku	54	411	162 911
Svalbard	2	5	0

¹ Gjennomsnittleg tal personar over året.

² Ikkje medrekna meirverdiavgift.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 2.2. Føretaksdemografi. Næring 22. 2002-2004. Bestandstal per 1. januar

	Føretak per 1. jan. 2002	Føretak per 1. jan. 2003	Føretak per 1. jan. 2004
22 Forlagsverk- semd, grafisk produksjon og reproduksjon av innspela opptak	3 877	3 832	3 746
Utgjeving av bøker ...	469	466	484
Utgjeving av aviser ...	270	274	287
Utgjeving av blad og tidsskrift	287	301	325
Utgjeving av lydopptak	224	275	241
Forlagsverksemd elles	329	336	339
Trykking av aviser	57	59	58
Trykking elles	1 057	1 027	990
Bokbinding	55	49	48
Ferdiggjering før trykking	157	143	121
Annan grafisk produksjon	849	791	747
Reproduksjon av lydopptak	44	44	43
Reproduksjon av videoopptak	38	31	30
Reproduksjon av data og program på edb-media	41	36	33

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 2.3. Foretaksdemografi. Nyregistreringar, nyetableringar, opphøyr og nedleggingar. Næring 22. 2002-2004

	2002					2003				
	Føretak per 1. jan.	Nyregistrerte føretak	Nyetablerte føretak	Opphørde føretak	Nedlagde føretak	Føretak per 1. jan.	Nyregistrerte føretak	Nyetablerte føretak	Opphørde føretak	Nedlagde føretak
22 Forlagsverksemd, grafisk produksjon og reproduksjon av innspela opptak	3 877	281	260	454	425	3 832	300	276	527	493
Utgjeving av bøker ...	469	37	36	60	58	466	57	54	74	72
Utgjeving av aviser ...	270	12	10	9	9	274	16	15	9	7
Utgjeving av blad og tidsskrift	287	16	14	22	18	301	28	26	25	23
Utgjeving av lydopptak	224	44	42	26	25	275	38	37	52	49
Forlagsverksemd elles	329	38	34	51	49	336	35	34	64	62
Trykking av aviser	57	3	3	2	2	59	4	4	6	6
Trykking elles	1 057	45	37	104	92	1 027	47	38	113	100
Bokbinding	55	3	1	10	7	49	6	6	7	6
Ferdiggjering før trykking	157	2	2	21	20	143	6	5	26	26
Annan grafisk produksjon	849	80	80	128	124	791	55	51	132	125
Reproduksjon av lydopptak	44	.	.	5	5	44	4	4	6	5
Reproduksjon av videoopptak	38	1	1	9	9	31	3	2	7	6
Reproduksjon av data og program på edb-media	41	.	.	7	7	36	1	.	6	6
2004										
	Føretak per 1. jan.	Nyregistrerte føretak	Nyetablerte føretak	Opphørde føretak	Nedlagde føretak					
22 Forlagsverksemd, grafisk produksjon og reproduksjon av innspela opptak	3 746	325	304	242	210					
Utgjeving av bøker	484	70	69	23	19					
Utgjeving av aviser	287	13	10	11	8					
Utgjeving av blad og tidsskrift	325	44	40	21	15					
Utgjeving av lydopptak	241	62	61	18	17					
Forlagsverksemd elles	339	36	34	12	11					
Trykking av aviser	58	4	4	3	3					
Trykking elles	990	44	35	77	65					
Bokbinding	48	3	3	2	2					
Ferdiggjering før trykking	121	4	4	10	9					
Annan grafisk produksjon	747	40	39	55	52					
Reproduksjon av lydopptak	43	.	.	6	6					
Reproduksjon av videoopptak	30	4	4	1	1					
Reproduksjon av data og program på edb-media	33	1	1	3	2					

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 2.4. Registerbasert sysselsetjingsstatistikk. Sysselsette¹ 16-74 år, etter arbeidsstadsfylke. Næring 22 Forlagsverksemd, grafisk produksjon og reproduksjon av opptak som er spela inn. Per 4. kvartal. 2002-2004

	Sysselsette personar i alt	Forlagsverksemd	Grafisk produksjon og tenester til grafisk produksjon	Reproduksjon av opptak som er spela inn
2002	30 763	20 679	9 857	227
2003	29 547	20 184	9 194	169
2004	28 883	19 903	8 827	153
2004				
Østfold	1 476	752	717	7
Akershus	1 989	884	1 081	24
Oslo	11 884	9 415	2 399	70
Hedmark	691	487	203	1
Oppland	743	347	396	.
Buskerud	736	444	290	2
Vestfold	777	364	411	2
Telemark	774	418	354	2
Aust-Agder	312	177	135	.
Vest-Agder	636	424	208	4
Rogaland	2 035	1 271	745	19
Hordaland	2 150	1 602	546	2
Sogn og Fjordane	371	318	53	.
Møre og Romsdal	726	472	241	13
Sør-Trøndelag	1 414	844	569	1
Nord-Trøndelag . . .	447	365	82	.
Nordland	809	555	252	2
Troms	561	457	100	4
Finnmark Finnmark	348	303	45	.
Uoppgitt og andre norske område ..	4	4	.	.

¹ Omfattar både løn斯塔karar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 2.5. Føretak, omsetning og sysselsetjing, unnateke offentleg forvaltning. Næring 92. 3-sifra næringskode og fylke. 2000-2002

	Føretak i alt	Sysselsetjing ¹	Omsetning ² . 1 000 kr
2000	5 713	26 893	30 468 030
2001	10 019	31 443	32 472 425
2002	9 406	28 878	31 723 073
3-sifra næringskode			
92.1 Film og video . . .	1 208	3 259	3 101 546
92.2 Radio og fjernsyn	295	5 419	6 454 471
92.3 Anna underhaldningsverksemd	4 177	7 446	3 348 845
92.4 Nyheitsbyrå	577	840	794 991
92.5 Drift av bibliotek, arkiv, museum og andre kulturetablisement	428	2 097	857 879
92.6 Sport og idrett	2 037	7 220	4 390 168
92.7 Anna fritidsverksemd	684	2 597	12 775 174
Østfold	418	997	447 592
Akershus	953	2 087	1 332 707
Oslo	2 609	11 921	11 091 170
Hedmark	320	1 173	10 439 555
Oppland	369	963	676 177
Buskerud	468	1 127	704 321
Vestfold	393	921	390 282
Telemark	309	643	490 088
Aust-Agder	130	272	197 587
Vest-Agder	301	770	402 590
Rogaland	551	1 508	787 546
Hordaland	746	2 533	2 744 144
Sogn og Fjordane ...	172	326	152 704
Møre og Romsdal ...	330	649	329 915
Sør-Trøndelag	451	1 235	722 841
Nord-Trøndelag	191	357	143 488
Nordland	308	555	244 747
Troms	238	609	283 806
Finnmark Finnmark	146	229	141 806
Svalbard	3	3	0

¹ Gjennomsnittleg tal personar over året.

² Ikkje medrekna meirverdiavgift.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 2.6. Føretaksdemografi. Næring 92. 2002-2004. Bestandstal per 1. januar

	Føretak per 1. jan. 2002	Føretak per 1. jan. 2003	Føretak per 1. jan. 2004
92 Fritidsverk- semd, kulturell tenesteyting og sport	9 339	12 805	12 096
Film- og video- produksjon	815	1 070	1 182
Distribusjon av film og video	28	27	23
Filmframvising	129	170	159
Radio og fjernsyn .	300	298	304
Sjølvstendig kunst- narisk verksemd ...	4 291	6 663	5 349
Drift av etablerement i tilknytning til kunstnarisk verksemd	407	521	566
Drift av forlystings- etablerement	85	52	53
Underholdnings- verksemd elles	300	371	355
Nyhetsbyrå	433	636	745
Drift av bibliotek og arkiv	22	20	21
Drift av museum og vern av historiske stader og bygningar	259	270	294
Drift av botaniske og zoologiske hagar og naturresevat	16	20	17
Drift av idrettsanlegg	398	437	434
Sport og idrett elles	1 286	1 597	1 824
Lotteri og totalisatorspel	310	374	363
Fritidsverksemd elles	260	279	407

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 2.7. Føretaksdemografi. Nyregistreringar, nyetableringar, opphøyr og nedleggingar. Næring 92. 2002-2004

	2002					2003				
	Føretak per 1. jan.	Nyregistrerte føretak	Nyetablerte føretak	Opphørde føretak	Nedlagde føretak	Føretak per 1. jan.	Nyregistrerte føretak	Nyetablerte føretak	Opphørde føretak	Nedlagde føretak
92 Fritidsverksemd, kulturell tenesteyting og sport	9 339	3 201	3 154	736	696	12 805	3 292	3 251	3 013	2 969
Film- og video-produksjon	815	222	217	160	155	1 070	247	241	226	220
Distribusjon av film og video	28	4	3	4	3	27	3	3	4	4
Filmframvising	129	4	4	8	3	170	3	3	12	9
Radio og fjernsyn .	300	31	29	38	35	298	23	23	35	35
Sjølvestendig kunstnarisk verksemd	4 291	2 226	2 208	200	192	6 663	2 067	2 051	1 979	1 971
Drift av etablisement i tilknytning til kunstnarisk verksemd	407	72	70	20	19	521	146	144	108	106
Drift av forlystings-etablisement	85	10	10	8	8	52	3	3	5	5
Underholdnings- verksemd elles	300	64	63	21	20	371	81	79	75	74
Nyhetsbyrå	433	211	209	112	112	636	243	241	193	189
Drift av bibliotek og arkiv	22	20	3	3	.	.
Drift av museum og vern av historiske stader og bygningar	259	9	9	13	10	270	18	15	19	17
Drift av botaniske og zoologiske hagar og naturreservat	16	20	.	.	2	2
Drift av idrettsanlegg	398	35	32	17	17	437	26	24	49	43
Sport og idrett elles	1 286	138	133	74	71	1 597	247	241	194	187
Lotteri og totalisatorspel	310	72	66	24	16	374	29	29	47	43
Fritidsverksemd elles	260	103	101	37	35	279	153	151	65	64

Tabell 2.7. Føretaksdemografi. Nyregistreringar, nyetableringar, opphøyr og nedleggingar. Næring 92.
(framh). **2002-2004**

	2004				
	Føretak per 1. jan.	Nyregistrerte føretak	Nyetablerte føretak	Opphøyrede føretak	Nedlagde føretak
92 Fritidsverksemd, kulturell tenesteyting og sport	12 096	3 748	3 672	495	427
Film- og videoproduksjon	1 182	343	335	84	77
Distribusjon av film og video	23	2	1	1	
Filmframvising	159	7	6	3	3
Radio og fjernsyn	304	34	31	28	23
Sjølvstendig kunstnarisk verksemd	5 349	2 185	2 157	129	119
Drift av etablisement i tilknytning til kunstnarisk verksemd	566	252	251	27	26
Drift av forlystingsetablisement	53	6	4	5	4
Underhaldningsverksemd elles	355	60	60	20	20
Nyheitsbyrå	745	295	294	39	38
Drift av bibliotek og arkiv	21	1	1	3	1
Drift av museum og vern av historiske stader og bygningar	294	34	31	19	12
Drift av botaniske og zoologiske hagar og naturreservat	17	2	2	.	.
Drift av idrettsanlegg	434	43	34	26	17
Sport og idrett elles	1 824	328	322	62	50
Lotteri og totalisatorspel	363	30	23	29	23
Fritidsverksemd elles	407	126	120	20	14

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 2.8. Registerbasert sysselsetjingsstatistikk. Sysselsette¹ 16-74 år, etter arbeidsstadsfylke. Næring 92. Per 4. kvartal. 2000-2004

	Sysselsette personar i alt	Film og video	Radio og fjernsyn	Anna underhaldningsverksemd	Nyheitsbyrå	Drift av bibliotek, arkiv, museum og andre kulturetablisement	Sport og idrett	Anna fritidsverksemd
2000	33 167	2 537	6 269	7 236	639	6 493	7 684	2 309
2001	34 044	2 537	6 034	7 508	661	6 837	7 999	2 468
2002	34 652	2 435	5 873	7 887	701	6 845	8 505	2 406
2003	36 574	2 582	6 135	8 816	728	7 103	8 784	2 426
2003	35 687	2 563	5 999	8 425	709	7 152	8 403	2 436
2004	37 556	2 517	6 293	9 270	775	7 353	8 804	2 544
2004								
Østfold	1 312	107	166	266	15	203	429	126
Akershus	2 478	203	114	592	34	374	992	169
Oslo	13 138	1 156	3 758	3 991	547	1 420	1 864	402
Hedmark	1 500	82	21	159	6	315	414	503
Oppland	1 353	35	161	258	11	334	384	170
Buskerud	1 433	73	105	274	6	312	571	92
Vestfold	1 214	89	59	257	15	226	450	118
Telemark	996	48	73	218	12	208	343	94
Aust-Agder	432	34	27	79	6	135	103	48
Vest-Agder	1 031	56	121	236	9	282	290	37
Rogaland	2 137	113	192	551	17	563	600	101
Hordaland	3 355	174	546	919	33	831	656	196
Sogn og Fjordane	495	33	50	102	1	148	125	36
Møre og Romsdal	975	53	115	205	5	245	294	58
Sør-Trøndelag ...	2 438	110	373	579	14	646	522	194
Nord-Trøndelag ..	560	34	19	99	2	219	146	41
Nordland	1 183	52	155	149	16	491	269	51
Troms	1 004	41	124	259	22	225	263	70
Finnmark Finnmarku	514	24	114	74	4	174	86	38
Uoppgjeve og andre norske område ..	8	.	.	3	.	2	3	.

¹ Omfattar både lønnstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

3. 150 millionar kroner i stipend

Statens kunstnerstipend delte ut 150,3 millionar kroner i stipend i 2004, fordelt på 1 586 stipend. Det er ein auke på 784 000 kroner frå 2003. I 2004 løyvde Norsk kulturfond 254,3 millionar kroner til ulike kulturformål, ein auke på 22 millionar det siste året.

Flest stipend til biletkunstnarar


Ei oversikt over talet på stipend og beløp frå Statens kunstnerstipend viser at det blir tildelt flest stipend til biletkunstnarar, 57,8 millionar kroner fordelt på 476 stipend. Dei andre store mottakarane av stipend er kunsthåndverkarar, skjønnlitterære forfattarar og musikarar og songarar, med høvesvis 216, 140 og 126 stipend. Dei fleste stipenda er garantiinntekter og arbeidsstipend til yngre og nyetablerte kunstnarar. Desse to stipendtypene står for 57,5 prosent av stipenda og 88,7 prosent av det tildelte beløpet.

Sjå tabell 3.1 for alle detaljane om utdeling av stipend frå Statens kunstnerstipend.

Auka løyvingar til musikk

Dei siste tala frå Norsk kulturråd viser at det var ein klar auke i løyvingane til musikk det siste året, frå 52,3 millionar kroner i 2003 til 63,6 millionar i 2004. Det er også ein auke på 2,5 millionar til litteratur og 1,2 millionar kroner til scenekunst. Elles er det nokre små aukar innanfor dei andre områda.

Figur 3.1. Utdelte beløp etter stipendtype. 1 000 kroner. 2004



Kjelde: Statens kunstnerstipend.

Vi har også nærare opplysningar om talet på titlar som kjem inn under innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur. I 2004 blei det kjøpt inn 207 titlar, tre færre enn i 2003, medan det var ein auke frå 2001 og 2002. Det blei kjøpt inn flest prosatitlar som utgjorde 60 prosent av alle titlane. Dei resterande fordelte seg på 60 lyrikktitlar, 13 skodespel og ti essay, som vist i tabell 3.3.

Tabell 3.4 viser fleire av detaljane frå løyvingane for biletkunst og kunsthåndverk. Halvparten av dei 14,3 millionar kronene som blei løyvde i 2004 gjekk som prosjektstøtte til utstillingar og andre

eingongstiltak. Det blir óg årleg gitt 3,8 millionar via Statens utstillingsstipend.

Sterk auke i innkravde vederlag

I Noreg er det sju interesseorganisasjonar som står for innkrevjing og utdeling av vederlag til kunstnarar. I 2004 blei det kravd inn 694 millionar kroner på vegner av ulike rettshavarar, og organisasjonane betalte ut vederlag på 561,6 millionar kroner. Dei største organisasjonane er TONO og KOPINOR.

Dei sju organisasjonane forvaltar krav eller rettar til ulike kunstnargrupper på grunnlag av individuelle og eksklusive fullmakter. (Informasjonssentral for opphavsrett og klarering, 2004.)

BONO tek seg av biletkunstnarane og kunsthandverkarane sine opphavsrettar og gjer avtaler om reproduksjon og annan bruk av biletkunst.

TONO forvaltar rettar/krav til komponistar, tekstforfattarar og musikkforlag og inngår avtaler om offentleg framføring og lydfesting av musikk.

KOPINOR representerer 21 norske rettshavarorganisasjonar av opphavsmenn eller utgivarar, samt utanlandske rettshavarar, og inngår avtaler om fotokopiering og annan eksemplarframstilling til bruk i utdanningsinstitusjonar, offentleg administrasjon, samt organisasjons- og næringsliv.

NORWACO representerer 34 norske rettshavarorganisasjonar av opphavsmenn, utøvande kunstnarar, fotografar og produsentar, og inngår avtaler om rett til vidareending av radio- og fjernsynskanalar i kabelnett, om rett til opptak av radio- og fjernsynsprogram til undervisnings- og informasjonsformål.

GRAMO representerer produsentar og utøvande kunstnarar og inngår avtaler når deira innspelningar blir kringkasta eller offentleg framførte i Noreg.

FONO representerer norske plateprodusentar og inngår avtaler med riksdekkjande fjernsyn om kopiering og lydfesting av verna musikkverk.

LINO forvaltar skribentane sine rettar/krav med heimel i åndsverkloven og gjer avtaler om vidareutnytting av litterære tekstar med alle typar brukarar.

Tabell 3.5 viser detaljane for dei ulike organisasjonane dei siste åra.

For meir informasjon om desse emna, sjå: Statens kunstnerstipend: www.kunstnerstipend.no/

Norsk kulturråd: www.kulturrad.no/

Informasjonssentral for opphavsrett og klarering: www.clara.no/

Tabell 3.1. Talet på stipend og beløp, etter stipendtype. 1999-2004. 1 000 kr

	I alt		Arbeidsstipend		Eingongsstipend ¹ til yngre/ nyetablerte kunstnarar ²		Stipend til eldre fortente kunstnarar ²		Garanti- inntekt ²	
	Tal	Beløp	Tal	Beløp	Tal	Beløp	Tal	Beløp	Tal	Beløp
1999	1 643	138 444	342	48 222	478	12 391	281	5 620	542	72 211
2000	1 531	136 541	342	49 590	363	9 275	281	5 620	545	72 056
2001	1 601	145 271	355	51 475	420	11 375	281	5 620	545	76 801
2002	1 594	141 283	350	51 800	419	11 509	281	5 620	544	72 354
2003	1 606	149 537	362	57 196	426	12 564	281	5 620	537	74 157
2004	1 586	150 321	372	58 776	393	11 351	281	5 620	540	74 574
2004										
Biletkunstnarar ..	476	57 751	101	15 958	57	2 227	27	540	291	39 026
Kunsthåndverkarar	216	24 675	49	7 742	43	1 515	26	520	98	14 898
Skjønnlitt. forfattarar	140	16 062	51	8 058	31	1 357	15	300	43	6 347
Barne- og ungdoms- litt. forfattarar ...	43	3 468	8	1 264	13	494	12	240	10	1 470
Dramatikarar	36	2 185	7	1 106	13	435	13	260	3	384
Omsetjarar	38	1 770	6	948	18	356	12	240	2	226
Faglitt. forfattarar og omsetjarar	12	842	2	316	4	68	3	60	3	398
Musikarar og songarar	126	9 432	29	4 582	47	1 099	28	560	22	3 191
Komponistar	44	3 732	11	1 738	11	293	8	160	14	1 541
Skodespelarar ...	84	5 103	18	2 844	32	584	24	480	10	1 195
Sceneinstruktørar	28	1 375	5	790	9	180	12	240	2	165
Scenografar	24	1 007	4	632	7	155	11	220	2	-
Teatermed- arbeidarar	5	48	-	-	5	48	-	-	-	-
Dansekunstnarar	89	7 566	24	3 792	25	559	19	380	21	2 835
Kritikarar	14	251	-	-	6	91	8	160	-	-
Journalistar	2	54	-	-	2	54	-	-	-	-
Fotografar	32	3 295	10	1 580	9	352	4	80	9	1 283
Filmkunstnarar ..	46	3 242	14	2 212	14	356	16	320	2	354
Arkitektar	17	774	-	-	3	61	11	220	3	493
Interiørarkitektar	19	753	-	-	3	56	13	260	3	437
Diverse andre	37	3 193	16	2 528	15	400	5	100	1	165
Folkekunstnarar	25	1 319	6	948	10	191	9	180	-	-
Pop. komponistar	33	2 424	11	1 738	16	420	5	100	1	166

¹ Reise-/studie-, etablerings-, material- og vikarstipend.² Beløpa inkluderer "tildelte" og "tildelt tidlegare år med utbetaling også dette året".

Kjelde: Statens kunstnerstipend.

Tabell 3.2. Norsk kulturfond. Løyvingar, etter område. 2001-2004. Mill. kr

Område	2001	2002	2003	2004
I alt	225,3	227,2	232,3	254,3
Litteratur	71,3	74,1	75,4	77,9
Tidsskrifter	2,5	2,6	2,6	2,8
Musikk	50,3	51,4	52,3	63,6
Biletkunst/kunst-handverk	12,5	13,6	13,8	14,3
Kulturvern	13,5	14,5	14,8	15,2
Barne- og ungdomskultur	8,1	8,5	8,7	9,0
Kulturbygg/rom for kunst ¹	11,6	11,9	12,1	12,5
Scenekunst ²	34,7	34,4	36,0	37,2
Kunst og det fleirkulturelle samfunnet ...	5,1	-	-	-
Generell disposisjon/andre formål	15,7	16,2	16,6	21,8

¹ I 2001 og 2002 var rom for kunst brukt som eigen tildelingsgruppe.

² Til og med 2003 var tildelingane til scenekunst delt i frie sceniske grupper og scenekunst, andre tiltak.

Kjelde: Norsk kulturråd.

Tabell 3.3. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur. Innkjøpte titlar. 2001-2004

Område	2001	2002	2003	2004
I alt	179	194	210	207
Prosa	109	125	130	124
Lyrisk	49	52	63	60
Skodespel	9	7	7	13
Essays	12	10	10	10

Kjelde: Norsk kulturråd.

Tabell 3.4. Norsk kulturråd. Innkjøpsordning for biletkunst og kunsthåndverk. Avsette midlar. 2002-2004. 1 000 kr

	2002	2003	2004
I alt	13 598	13 843	14 300
Innkjøpsordninga for samtidskunst og kunsthåndverk	2 150	2 200	2 300
Prosjektstøtte til utstillingar o.a. eingongstiltak i alt	6 143	8 209	7 263
Debutantstøtte og utstyrsstøtte til biletkunstnarar, kunsthåndverkarar og fotografar	2 080	725	459
"Kulturelle endringsprosessar og samtidskunsten"	625	700	1 300
Utstillingsstøtte til kunstnarar i etableringsfasen	-	-	138
Utstyrsstøtte til fellesverkstader	-	420	440
Kunst og ny teknologi	2 100	1 590	2 400
PNEK (Produksjonsnettverk for elektronisk kunst)	500	-	-
Statens utstillingsstipend	3 800	3 800	3 800

Kjelde: Norsk kulturråd.

Tabell 3.5. Opphavsrett. Innkravde og utbetalte vederlag, etter organisasjonar. 1999-2004. 1 000 kr

	I alt	BONO	TONO ¹	KOPINOR ¹	NORWACO ¹	GRAMO ¹	FONO	LINO
Innkravde vederlag								
1999	505 247	4 878	176 025	172 833	99 558	51 954	2 250	..
2000	546 371	4 792	190 093	242 248	109 238	67 520	1 850	75
2001	609 924	4 564	245 387	182 206	106 738	71 029	1 650	913
2002	628 307	4 886	223 010	204 638	112 312	83 462	1 257	2 025
2003	661 586	4 315	245 761	194 622	115 236	101 653	1 315	3 186
2004	694 219	7 561	258 025	197 502	117 575	109 452	1 334	2 770
Utbetalte vederlag								
1999	429 159	3 768	144 686	149 305	85 599	45 802	1 800	..
2000	392 134	3 733	147 611	168 332	72 459	47 221	1 480	46
2001	528 450	3 576	151 964	173 487	147 138	52 284	1 320	855
2002	571 783	3 811	184 532	215 295	119 266	48 880	1 006	1 920
2003	565 983	3 285	186 408	177 647	124 229	74 414	1 052	2 904
2004	561 585	5 524	219 497	182 882	113 072	36 984	1 067	2 559

¹ I summene er utlandet medrekna.

Kjelde: Dei enkelte organisasjonane.

4. Fleire framsyningar ved teater og opera i 2004

I 2004 hadde norske teater og opera 8 149 framsyningar, ein auke på 627 i forhold til 2003. Samstundes auka talet på tilskodarar med over 72 000. Likevel gjekk talet på tilskodarar per framsyning ned frå 206 til 198. Talet på turnéframsyningar auka til 2 668 i 2004.


Nationaltheatret og Det Norske Teatret i Oslo hadde flest framsyningar i 2004, med høvesvis 955 og 900. Flest tilskodarar hadde Nationaltheatret med 243 000, deretter kom Oslo Nye Teater med 195 000. Den Norske Opera i Oslo hadde det klart høgaste talet på tilskodarar per framsyning med 771 tilskodarar per framsyning. Det største turnéteateret er naturleg nok Riksteateret som hadde 104 000 tilskodarar fordelt på 459 framsyningar i 2004. Tabell 4.1 viser hovudtala for dei 23 teatra vi har opplysningar om.

Av totalt 8 149 framsyningar var 3 455, eller 42 prosent, framsyningar for barn og ungdom. Fleire av teatra hadde ei klar overvekt av framsyningar for unge. Sterkast kjem dette til synes ved Brageteatret i Drammen og Haugesund Teater, som hadde høvesvis 98 og 90 prosent framsyningar for barn og ungdom. Sjå figur 4.1 for forholda i alle teatra.

9,2 millionar i driftsresultat

I 2004 var det samla driftsresultatet for tilskotsteatra 9,3 millionar kroner, ein nedgang frå 17,5 millionar i 2003. Den største inntektsposten for teatra var

Figur 4.1. Fordeling av framsyningar for barn/ungdom, og vaksne ved norske teater. 2004



tilskott frå staten med 71 prosent av totalt 1 milliard kroner. Regionale tilskott var på 8 prosent og andre inntekter utgjorde 21 prosent av teatra sine inntekter. Det største statstilskottet blei gitt til Den Norske Opera, Nationaltheatret og Det

Norske teatret, med høvesvis 226, 117 og 105 millionar kroner. Totalt fekk desse tre teatra 63 prosent av det totale driftstilskotet til alle tilskotsteatra.

I 2004 blei det rapportert 1 536 årsverk ved tilskotsteatra, ein auke på 3 prosent det siste året. Den Norske Opera, Nationalteatret og Det Norske Teatret rapporterte også flest årsverk, høvesvis 416, 250 og 210. Totalt har desse tre teatra 57 prosent av alle årsverka. Sjå tabell 4.2 for alle dei økonomiske hovudtala.

Auke i talet på framsyningar ved frie teater- og dansegrupper

Det var også ein auke i talet på framsyningar ved dei frie teater- og dansegruppene. I 2004 blei det rapportert 3 422 framsyningar og 377 000 besøkjande, mot 3 167 framsyningar og 349 000 besøkjande i 2003. Besøk per framsyning var 110 begge desse åra, men det har vore ein nedgang i forhold til dei seks føregåande åra. 73 prosent av framsyningane var for barn og unge i 2004, mot 78 prosent i 2003. Tabell 4.3 viser alle detaljane.

Besøk på ballett-, opera- og teaterframsyningar

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart tredje eller fjerde år ei undersøking, der folk blir spurde om bruken av ulike kulturtilbod. Tala viser at det har vore ein auke i talet på personar som har vore på ballett- eller danseframsyningar. I 1997 svarte 8 prosent av dei spurde at dei hadde vore på ei ballett- eller danseframsyning det siste året. Talet auka til 11 prosent i 2000 og 12 prosent i 2004. Kvinner og yngre personar er dei som oftast går på ballett- eller danseframsyningar. Utdanningsnivået viser òg forskjellar i høve til bruken av desse kulturtilboda. Det er dei med universitets- eller

høgskoleutdanning som var dei flittigaste brukarane av teater- og dansetilbod. Talet på besøk i gjennomsnitt auka frå 0,2 besøk i 1997 og 2000, til 0,3 besøk i 2004. Tabell 4.4 viser alle detaljane.

Dersom ein ser nærare på tala for opera og operette, var det ein liten nedgang i personar som nytta slike tilbod i 2004 i forhold til dei tidlegare undersøkingane. 5 prosent svarte at dei hadde vore på opera eller operette dei siste tolv månadene, mot 6 prosent tidlegare. Dei mest aktive brukarane er over 45 år og har universitets- eller høgskoleutdanning. Tabell 4.5 viser desse detaljane.

Det er ein liten nedgang i delen personar som har vore på teater, revy eller musikal dei siste åra. I 2004 svarte 49 prosent at dei hadde vore på teater, revy eller musikal dei siste tolv månadene, mot 50 prosent i 2000. I gjennomsnitt blei desse tilboda nytta 1,3 gonger i 2004, mot 1,2 gonger i 2000. Kvinner, personar i alderen 25-66 år og personar med universitets- og høgskoleutdanning skilde seg ut ved at dei oftare gjekk på teater, musikal eller revy.

For meir informasjon om emna, sjå:

Norsk teater- og orkesterforening:
www.nto.no/

Norsk teaterråd: www.teater.no/

Danse- og teatersentrum:
new.scenekunst.no/

Norsk kulturbarometer 2004:
www.ssb.no/kulturbar/

Tabell 4.1. Framsyningar og tilskodarar ved teater og opera. 2001-2004

	Framsyningar		Tilskodarar		Tilskodarar per framsyning		Turnéfram- syningar	
	I alt	Av dette for barn og ungdom	I alt	Av dette for barn og ungdom	I alt	Av dette for barn og ungdom	Fram- synin- gar ¹	Tils- kodarar
2001	7 808	3 377	1 420 146	585 129	182	173	2 984	374 436
2002	7 590	2 959	1 504 760	565 039	198	191	2 281	372 283
2003	7 522	3 304	1 549 064	663 119	206	201	2 339	414 486
2004	8 149	3 455	1 621 290	670 996	198	194	2 668	448 377
2004								
Agder Teater	423	205	79 903	23 431	189	114	93	8 249
Beaivváš Sámi Teahter ...	80	18	5 164	984	65	55	70	4 165
BIT Teatergarasjen	145	65	16 000	4 500	110	69	-	-
Black Box Teater	138	30	8 224	1 634	60	54	-	-
Brageteatret	300	295	35 745	33 185	119	112	300	35 745
Carte Blanche Danseteater	83	19	17 255	2 567	208	135	19	8 408
Den Nationale Scene	617	357	100 881	56 911	164	159	29	7 060
Den Norske Opera	182	44	140 387	27 083	771	616	39	30 858
Det Norske Teatret	900	270	188 794	81 970	210	304	115	20 321
Haugesund Teater	157	141	19 029	18 429	121	131	73	4 810
Hedmark Teater	153	109	15 017	8 667	98	80	141	12 334
Hordaland Teater	184	139	23 597	23 597	128	170	130	14 060
Hålogaland Teater	173	27	24 003	1 942	139	72	50	9 182
Nationaltheatret	955	222	242 975	107 340	254	484	203	43 314
Nordland Teater	294	185	28 691	16 036	98	87	163	14 846
Nord-Trøndelag Teater ..	70	28	9 786	4 343	140	155	62	8 521
Oslo Nye Teater	816	408	194 603	75 713	238	186	94	11 544
Riksteatret	617	242	132 414	62 624	214	259	459	103 909
Rogaland Teater	637	216	119 905	53 888	188	249	196	24 739
Sogn og Fjordane Teater	176	91	30 279	13 607	172	150	124	26 934
Teater Ibsen	156	77	27 772	10 157	178	132	112	23 413
Teatret Vårt	305	158	50 951	30 871	167	195	175	32 273
Trøndelag Teater	588	109	109 915	11 517	187	106	21	3 692

¹ Medrekna turnéar i utlandet.

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

Tabell 4.2. Teater og opera. Økonomiske nøkkeltal for tilskotsteatra. 2003 og 2004. 1 000 kr

	Tilskot frå staten	Regionale driftstilskot	Andre Inntekter	Drifts-kostnader	Årsverk
2003	676 677	79 247	190 493	928 878	1 491,6
2004	713 929	83 109	210 210	997 988	1 536,0
2004					
Agder Teater ¹	11 558	4 964	4 886	22 215	46,0
Carte Blanche A/S	13 977	6 253	2 144	22 213	26,0
Den Nationale Scene	75 083	-	12 568	88 451	155,2
Den Norske Opera	226 277	-	40 848	265 160	415,8
Det Norske Teatret	105 337	-	39 882	139 401	210,0
Haugesund Teater	4 524	2 340	1 004	7 107	9,0
Hedmark Teater	7 654	3 863	1 708	13 389	17,0
Hordaland Teater	5 966	2 557	1 809	10 874	14,0
Hålogaland Teater	18 554	7 952	2 835	29 071	38,0
Nationaltheatret	117 456	-	47 759	161 885	250,0
Nordland Teater	13 092	5 611	1 779	20 630	23,5
Rogaland Teater	33 566	14 968	16 409	62 483	97,5
Sogn og Fjordane Teater	10 823	4 575	3 347	21 123	24,6
Teater Ibsen	13 968	5 986	5 957	25 844	27,4
Teatret Vårt	12 305	5 274	6 759	24 367	31,0
Trøndelag Teater	43 789	18 766	20 516	83 775	151,0

¹ Agder Teater driv også kulturhuset i Kristiansand kommune. Tala for Agder Teater gjeld berre teaterdrifta så nær som årsverk, der kulturhusdrifta er inkludert.

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet og St.prp. nr. 1.

Tabell 4.3. Frie teater- og dansegrupper. 1993-2004

	Grupper i alt	Teater-grupper	Danse-grupper	Medlemmer i alt	Nye produsjonar i alt	Framsyrningar		Besøk-jande i alt	Besøk per fram-syning
						I alt	Av dette for barn		
1993	31	28	3	111	78	2 153	2 177	202 478	94
1994	37	33	4	119	65	1 998	1 278	208 141	104
1995	35	31	4	101	42	1 686	1 270	163 189	97
1996	34	29	6	101	42	1 914	1 285	203 664	106
1997	34	23	11	1 777	869	221 080	124
1998	38	33	5	110	45	1 356	869	177 259	131
1999	51	42	9	..	37	1 928	900	227 186	118
2000	56	46	10	109	35	1 591	861	263 130	165
2001	59	48	11	142	40	2 366	1 318	279 550	118
2002	79	66	13	254	59	2 865	1 859	379 960	133
2003 ²	81	64	17	227	40	3 167	2 482	348 658	110
2004 ¹	84	65	19	243	37	3 422	2 511	376 575	110

¹ Tala inkluderer rapport frå 65 av 65 medlemmer, samt rapport frå 18 ikkje-medlemmer.

² Tala inkluderer rapport frå 70 av 70 medlemmer, samt rapport frå 11 ikkje-medlemmer gjennom talmateriale frå Norsk Scene-kunstbruk.

Kjelde: Danse- og teatersentrum.

Tabell 4.4. Personar som har vore på ballett- eller danseframvisning, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste tolv månadene, etter kjønn, alder og utdanning. 1997, 2000 og 2004

	Prosent			Besøk i gjennomsnitt		
	1997	2000	2004	1997	2000	2004
Alle personar	8	11	12	0,2	0,2	0,3
Kjønn						
Menn	6	9	9	0,1	0,2	0,2
Kvinner	11	14	15	0,2	0,3	0,3
Alder						
9-15 år	14	16	21	0,3	0,5	0,4
16-24 år	11	16	13	0,3	0,5	0,6
25-44 år	8	11	10	0,2	0,2	0,2
45-66 år	7	10	11	0,1	0,2	0,2
67-79 år	2	3	9	0,0	0,0	0,1
Utdanning						
Ungdomsskolenivå	6	11	6	0,1	0,2	0,1
Vidaregåande skolenivå	5	8	9	0,1	0,2	0,2
Universitets- og høgskolenivå I	8	7	16	0,2	0,1	0,4
Universitets- og høgskolenivå II +	14	17	17	0,2	0,3	0,3

Kjelde: Norsk kulturbarometer 2004, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 4.5. Personar som har vore på opera eller operette, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste tolv månadene, etter kjønn, alder og utdanning. 1997, 2000 og 2004

	Prosent			Besøk i gjennomsnitt		
	1997	2000	2004	1997	2000	2004
Alle personar	6	6	5	0,1	0,1	0,1
Kjønn						
Menn	4	6	4	0,1	0,1	0,1
Kvinner	7	6	7	0,1	0,1	0,1
Alder						
9-15 år	3	3	3	0,1	0,0	0,0
16-24 år	7	5	3	0,1	0,1	0,0
25-44 år	4	5	3	0,1	0,1	0,0
45-66 år	8	9	9	0,1	0,2	0,2
67-79 år	4	6	9	0,1	0,1	0,2
Utdanning						
Ungdomsskolenivå	3	2	3	0,0	0,1	0,0
Vidaregåande skolenivå	4	4	5	0,1	0,0	0,1
Universitets- og høgskolenivå I	11	9	8	0,3	0,2	0,2
Universitets- og høgskolenivå II +	12	14	11	0,2	0,2	0,2

Kjelde: Norsk kulturbarometer 2004, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 4.6. Personar som har vore på teater, musikal eller revy, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste tolv månadene, etter kjønn, alder og utdanning. 1997, 2000 og 2004

	Prosent			Besøk i gjennomsnitt		
	1997	2000	2004	1997	2000	2004
Alle personar	44	50	49	1,1	1,2	1,3
Kjønn						
Menn	41	44	42	1,0	1,0	1,1
Kvinner	48	57	56	1,2	1,3	1,5
Alder						
9-15 år	47	47	47	0,9	0,9	1,2
16-24 år	50	51	48	1,2	1,2	1,6
25-44 år	46	54	52	1,2	1,3	1,1
45-66 år	46	53	53	1,2	1,3	1,6
67-79 år	23	53	34	0,4	0,6	0,9
Utdanning						
Ungdomsskolenivå	26	39	33	0,5	0,8	0,8
Vidaregåande skolenivå	43	47	45	0,9	1,0	1,0
Universitets- og høgskolenivå I	53	56	64	2,0	1,4	2,2
Universitets- og høgskolenivå II +	65	67	65	1,9	1,9	1,8

Kjelde: Norsk kulturbarometer 2004, Statistisk sentralbyrå.

5. Fleire tilhøyrarar og større aktivitet

Rikskonsertane og andre orkester i Noreg heldt fleire konsertar, og fleire nytta høvet til å gå på konsert. Dei statlege utgiftene til musikklivet i Noreg auka med 9 prosent frå 2003 og utgjorde 465 millionar kroner i 2004.

I 2004 hadde dei åtte orkestra som er med i oversikta 696 arrangement. Over 368 000 tilhøyrarar var til stades ved desse konsertane. Samanliknar vi tala med dei same orkestra for 2003, ser vi at både konsertar og talet på publikum har auka. Det blei arrangert 37 fleire konsertar i 2004, med 8 700 fleire tilhøyrarar. Kristiansand Symfoniorkester har hatt størst auke i talet på konsertar dei siste åra, nesten dobbelt så mange, frå 66 i 2001 til 121 i 2004, og talet på tilhøyrarar auka med nær 71 prosent. I symfoniorkestra i Oslo og Tromsø gjekk både talet på arrangement og talet på tilhøyrarar ned i same periode.

Dei seks symfoniorkestra i tabell 5.2 hadde inntekter på til saman 364 millionar kroner i 2004. Dette talet representerer ein auke på om lag 5 prosent frå året før. Det var eigeninntektene som auka mest med 20 prosent, og eigeninntektene utgjorde i 2004 nær 15 prosent av dei totale inntektene.

Tal frå Rikskonsertane viser at det var ein sterk auke både når det gjaldt talet på konsertar og talet på tilhøyrarar i 2004. For første gong var det over 1 million

tilhøyrarar, og det blei arrangert 8 911 konsertar. I 2003 var det 836 000 tilhøyrarar på til saman 7 727 konsertar. Talet på tilhøyrarar per konsert auka frå 108 til 113.

89 prosent av konsertane var skolekonsertar, medan 8 prosent var musikk i barnehagen og 4 prosent av konsertane var offentlege konsertar. Flest tilhøyrarar per konsert var det i Oslo og Akershus med høvesvis 177 og 163 tilhøyrarar i gjennomsnitt. Færrest var det på Svalbard og i Nordland, med høvesvis 36 og 77 tilhøyrarar i gjennomsnitt.

Dei statlege utgiftene til musikk i 2004 utgjorde til saman 465 millionar kroner. 25 millionar, eller 5 prosent gjekk til knutepunktinstitusjonane, sjå tabellane 5.4 og 5.5. 27 prosent av samla utgifter gjekk til Rikskonsertane og 33 prosent til dei to nasjonale institusjonane Oslo-Filharmonien og Stiftelsen Harmonien.

Som nemnt over, blei det i 2004 delt ut 25 millionar kronar til knutepunktinstitusjonar. I 2004 omfatta desse institusjonane Festspele i Bergen, Festspele i Nord-Noreg, Olavsfestdagane i Trondheim og

Molde International Jazz Festival. Festspela i Bergen fekk det største tilskotet med 11 millionar kroner eller 44 prosent av dei totale løyvingane til knutepunkt-institusjonane. Dei andre institusjonane fekk respektive 27, 19 og 11 prosent. Tilskotet til knutepunktinstitusjonane har det siste året auka med 2 millionar kroner eller nærare 10 prosent, mens tilskotet har auka med 63 prosent sidan 2000.

Tal frå Norges musikkorpsforbund viser at det var ein liten nedgang i talet på medlemmer i skole- og generasjonskorps, til 50 000 medlemmer i 2004. Nedgangen på 300 medlemmer blei likevel oppvege av ein like stor auke i talet på medlemmer i amatørkorps, til 20 300 i 2004. Av medlemmene i skole- og generasjonskorps var 87 prosent utøvande medlemmer, og for amatørkorpsa var talet 97 prosent.

Dersom ein ser nærare på krinsinndelinga, kjem det fram at det var flest skole- og generasjonskorps i Hordaland med 129, men flest medlemmer i Trøndelag med 6 000. Amatørkorpsa var størst i Hedmark/Opland med 83 korps fordelt på 2 500 utøvande medlemmer. Færrest korps var det i dei to nordlegaste krinsane. Finnmark hadde 525 medlemmer fordelt på 14 skole- og generasjonskorps, og i Troms var det sju amatørkorps med i alt 220 medlemmer. Tabell 5.6. viser alle detaljane.

Norges Korforbund rapporterte ein liten auke i aktivitetane. I 2004 var det 950 kor med i alt 29 000 medlemmer, ein auke på 13 kor og 100 medlemmer. Det blei fleire medlemmer både i dame- og mannskor, men 100 færre medlemmer i blandakor. Det var flest kormedlemmer i blandakor, men delen gjekk ned frå 76

prosent i 2003 til 75 prosent i 2004. 17 prosent var medlemmer i mannskor, og 8 prosent i damekor i 2004.

Oslo og Akershus låg høgt på alle kategoriene. 86 prosent av alle medlemmene i Oslo og Akershus var medlem i blandakor, medan det tilsvarande talet i Hedmark var 85 prosent. Hordaland hadde flest medlemmer i mannskor med 804. Damekor stod sterkast i Vestfold og Buskerud med høvesvis 16 og 14 prosent av alle medlemmene i fylka. I Finnmark var det berre registrert mannskor. I Telemark var 39 prosent av alle kormedlemmene i mannskor, det var nest høgast etter Finnmark. Tabell 5.6 viser alle detaljane.

Norsk musikkråd er ein paraplyorganisasjon for ulike medlemsorganisasjonar innanfor musikklivet i Noreg. I 2004 har Norsk musikkråd 29 medlemsorganisasjonar og fire assosierte medlemmer. Talet på medlemmer i dei ulike organisasjonane var 141 200 i 2004. Dette var ein auke på 15 000 frå 2003. Frå 2001 har medlemsmassen auka med 40 400. Norsk Rockforbund var den største medlemsorganisasjonen med 51 500 medlemmer. Nest størst var Musikk i Skolen med 13 400 medlemmer og Norsk Jazzforum var tredje størst med 10 550 medlemmer. Musikk i Skolen har hatt ein kraftig auke i talet på medlemmer siste året, frå 1 500 til 14 000. Denne store auka kjem i hovudsak av at Musikk i Skolen fekk eigne midlar innanfor Frifond. Ung Kirkesang hadde også stor auke i talet på medlemmer med 580 nye medlemmer siste året, ein auke på 10 prosent. Ung Kirkesang hadde 6 530 medlemmer i 2004. Utanom Musikk i Skolen hadde Foreningen norske kordirigentar størst prosentvis auke i medlemstalet siste året med 121 prosent, frå 142 til 314. Kulturforbundet hadde

størst prosentvis nedgang siste året med 14 prosent.

Fleire på konsertar med populærmusikk

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart tredje eller fjerde år ei undersøking, der folk blir spurde om bruken av ulike kulturtilbod.

Tala for personar som var på konsertar med klassisk musikk, samtidsmusikk, kyrkjemusikk eller kor, viser at det var nokre færre som nytta dette kulturtilbodet. I 2004 svarte 35 prosent at dei hadde vore på konsertar med klassisk musikk, samtidsmusikk, kyrkjemusikk eller kor dei siste tolv månadene, mot 37 prosent i 2000. Men i gjennomsnitt blei tilbodet nytta 1,2 gonger i 2004, mot 1,1 gonger i 2000. Kvinner og personar som har universitets- og høgskoleutdanning skil seg ut som hyppigare brukarar av desse tilboda. Tabell 5.9 viser detaljane.

Tabell 5.10 viser at det har vore ein sterk auke i talet på personar som var på pop-, jazz-, vise-, folkemusikk- og korpskonsert eller liknande, samstundes blei tilboda nytta oftare. I 2004 svarte 47 prosent at dei hadde vore på slike konsertar dei siste tolv månadene, og i gjennomsnitt 1,9 gonger. Tala for 2000 var 39 prosent og 1,5 besøk i gjennomsnitt.

Det var særleg aldersgruppene 16-24 år og 25-44 år som nytta desse tilboda. Også her var det dei med universitets- eller høgskoleutdanning som nytta tilboda mest og oftast. Tabell 5.10 viser alle detaljane.

Tabell 5.11 gjev ei oversikt over deltakinga på ulike typar konsertar. I 2004 var 60 prosent av dei spurde på rocke- eller

popkonsert. Det er denne typen konsertar som hadde størst oppslutning, og som auka mest sidan 2000. 44 prosent lytta til korsong, medan klassisk musikk og kyrkjemusikk blei besøkt av respektive 33 og 32 prosent. Oppslutninga til desse konserttypane har vore stabil, medan korps-/janitsjar- og jazzkonsertane hadde ein liten nedgang i besøkstala. I 2004 besøkte i gjennomsnitt 14 prosent ein jazzkonsert og 13 prosent korps-/janitsjarkonsert.

For meir informasjon, sjå:

Norsk teater og orkesterforening:
www.nto.no/

Rikskonsertene: <http://www.rikskonsertene.no/>

Tabell 13.5 syner at per 31. desember 2004 er det registrert 1 763 000 fjernsynslisensar i Noreg. Det har vore ein årleg auke i registrerte fjernsynslisensar dei siste tiåra, men dei siste åra har

auken flata ut. Det siste året har den prosentvise auken vore størst i Oslo og Finnmark.

Dei første nærradioane så dagens lys i 1982. I 1990 var det 442 konsesjonar for drift av nærradio og 106 konsesjonar for drift av lokalfjernsyn. I 2004 er talet på konsesjonar gått ned til respektive 256 for nærradio og 25 for lokalfjernsyn. Det er Hordaland som har flest konsesjonar for nærradio med 31, tett etter følgjer Oslo med 27. Både Nordland og Akershus har tre konsesjonar for lokalfjernsyn. Oppland og Sogn og Fjordane har ingen konsesjonar for lokalfjernsyn. Fleire tal er gjevne i tabell 13.6.

Kor mange og kor mykje

Ein gjennomsnittsdag i 2004 lytta 58 prosent av befolkninga på radio og 83 prosent såg på TV. Etter ein byrjande nedgang først på 1990-talet, har radiolyttinga halde seg stabil dei siste åra. Delen som ser på fjernsyn ein gjennomsnittsdag har òg endra seg lite dei siste åra. (Vaage, 2005)

Det er framleis NRK P1 som har flest lyttarar ein gjennomsnittsdag, med P4 som ein god nummer to. Det har ikkje skjedd nokre monalege endringar i sjåaroppslutninga for dei ulike fjernsynskanalanane i 2004 i forhold til dei siste åra. Tabell 13.7 syner fleire detaljar.

Tabell 13.8 viser at i 2004 var gjennomsnittleg lyttartid på radio 1 time og 20 minutt. Dette er ein nedgang på om lag ti minutt frå året før. Menn og kvinner høyrer no like mykje på radio. Ser ein på aldersgrupper er det framleis dei mellom 45-66 år som lyttar mest på radio, dei unge lyttarane minst. Dei med høg utdanning høyrer minst på radio.

TV-en er meir populær enn radio. Ein gjennomsnittsdag i 2004 såg befolkninga 2 timar og 22 minutt på fjernsyn. Dette er om lag det same som året før. Menn bruker mest tid framfor fjernsynet. Det gjer også dei eldste, dei ser over tre timar ein gjennomsnittsdag.

For nærare studiar av radio og TV, sjå:

Norsk Riksringkasting: <http://www.nrk.no/>

TV2: <http://www.tv2.no/>

Medietilsynet: <http://www.medietilsynet.no/>

Norsk Mediebarometer 2004:
<http://www.ssb.no/medie>

Referanse

Vaage, Odd Frank (2005); Norsk mediebarometer 2004. Statistisk sentralbyrå.

Tabell 13.1. Norsk rikskringkasting. Sendetid¹, etter programtype og radiokanal. 2000-2004

	NRK P1 ²		NRK P2 ²		NRK P3 ³	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Riksprogram i alt						
2000	7 458	100,0	8 736	100,0	6 570	100,0
2001	7 458	100,0	8 736	100,0	6 570	100,0
2002	7 487	100,0	8 736	100,0	6 570	100,0
2003	7 460	100,0	8 756	100,0	6 570	100,0
2004	7 433	100,0	8 752	100,0	6 570	100,0
2004						
Religiøse program	163	2,2	83	0,9	-	-
Informasjon, nyheiter og vërmelding	1 758	23,7	2 293	26,2	954	14,5
Program for barn og ungdom	137	1,8	76	0,9	-	-
Sport	214	2,9	13	0,1	-	-
Musikk	2 556	34,4	4 327	49,4	4 272	65,0
Drama	61	0,8	289	3,3	-	-
Underhaldning	1 768	23,8	71	0,8	521	7,9
Andre program	776	10,4	1 600	18,3	823	12,5

¹ Regionale sendingar er ikkje inkludert i sendetida.

² For NRK P1 og NRK P2 er natradio med i sendetida. Natradioen i P2 består hovudsakleg av musikk.

³ P3 i 2004 er oppgitt med ei genrefordeling på innslagsnivå, på grunn av dei lange flatene i P3. P3 er ikkje delt inn i barne- og ungdomsprogram. P3 går i samsending med P1 om natta.

Kjelde: Norsk rikskringkasting.

Tabell 13.2. Norsk rikskringkasting. Sendetid¹, etter programtype og fjernsynskanal. 2003-2004

	NRK 1				NRK 2			
	2003		2004		2003		2004	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Riksprogram i alt ...	5 569	100,0	6 487	100,0	5 783	100,0	8 694	100,0
Av dette								
Interaktivt TV ²	-	-	248	3,8	2 316	40,1	5 405	62,2
Undervisning	48	0,9	39	0,6	-	-	-	-
Religiøse program	66	1,2	69	1,1	32	0,5	2	0,0
Informasjon, nyheiter, værmelding	1 707	30,7	1 851	28,5	452	7,8	297	3,4
Program for barn og ungdom	692	12,4	789	12,2	128	2,2	8	0,1
Sport	610	11,0	808	12,5	338	5,9	481	5,5
Musikk	165	3,0	332	5,1	3 001	51,9	6 074	69,9
Drama	1 063	19,1	889	13,7	705	12,2	793	9,1
Underholdning	605	10,9	999	15,4	765	13,2	743	8,5
Andre program	613	11,0	712	11,0	361	6,2	295	3,4

¹ Dei regionale sendingane er ikkje med i sendetida.

² Interaktivt TV (ITV) starta i 2002. I 2003 var ITV berre musikkprogram. I 2004 var ITV-musikkprogram NKR1 24 timar og NRK2 5 396 timar. Resterande timar er delte på andre kategoriar.

Kjelde: Norsk rikskringkasting.

Tabell 13.3. TV2. Sendetid, etter programtype. 2000-2004. Timar

	2000	2001	2002	2003
I alt	5 897	6 035	6 157	6 294
Av dette reprisar	2 107	2 173	2 690	2 561
Nyheiter og aktualitet	1 169	1 312	1 210	1 284
Norsk underholdning, drama, barne-TV, fakta	1 038	1 154	1 302	1 623
Sport	515	527	571	539
Utanlandske filmar, seriar, fakta- og underholdningsprogram	2 821	2 662	2 740	2 504
Eigenannonsering (promo)	354	380	334	344

Kjelde: TV2.

Tabell 13.4. Norsk rikskringkasting. Sendetid i radio og fjernsyn, etter målform. 2003-2004. Prosent

	Radio				Fjernsyn			
	I alt	Bokmål	Nynorsk	Dialekt	I alt	Bokmål	Nynorsk	Dialekt
2003	100,0	61,5	8,3	30,2	100,0	76,6	13,0	10,4
2004 ¹	100,0	55,0	3,0	42,0	100,0	63,0	6,0	32,0

¹ Ved overgangen til 2004, gjennomførte NRK følgende praksis: Ein stilte strengare krav til kva som blir rekna som bokmål og kva som reknast som nynorsk. Dersom det som skulle registrerast ikkje var tydeleg nok, blei det plassert i dialektkategorien.

Kjelde: Norsk rikskringkasting.

Tabell 13.5. Registrerte fjernsynslisensar, etter fylke. 31. desember. 2001-2004

	2001	2002	2003	2004
Heile landet	1 740 811	1 750 715	1 758 619	1 763 016
Østfold	101 449	102 900	103 032	103 054
Akershus	177 444	177 820	181 945	182 172
Oslo	206 426	208 430	206 316	208 874
Hedmark	76 052	76 510	76 484	76 216
Oppland	72 749	72 850	72 235	72 220
Buskerud	92 818	93 310	94 367	94 500
Vestfold	83 911	84 206	86 552	86 702
Telemark	65 231	65 421	66 692	66 967
Aust-Agder	37 660	38 100	37 801	37 812
Vest-Agder	59 034	59 758	59 256	59 359
Rogaland	136 150	137 903	140 486	140 911
Hordaland	166 311	167 100	168 640	169 287
Sogn og Fjordane	39 111	39 210	38 873	38 957
Møre og Romsdal	93 212	93 300	92 855	92 862
Sør-Trøndelag	105 578	106 122	106 517	106 457
Nord-Trøndelag	47 919	47 940	48 377	48 320
Nordland	91 245	91 410	90 192	90 397
Troms	56 598	56 620	56 430	56 293
Finnmark Finnmarku	25 759	25 810	25 523	25 849
Svalbard	343	280	337	210
Frilisensar	5 811	5 715	5 709	5 597

Kjelde: Norsk rikskringkasting.

Tabell 13.6. Konesjon for drift av lokalfjernsyn og nærradio, etter fylke. 1999-2004

Heile landet	Lokalfjernsyn	Nærradio
1999	27	286
2000	26	274
2001	27	259
2002	26	272
2003	23	267
2004	25	256
2004		
Østfold	1	12
Akershus	3	16
Oslo	1	27
Hedmark	1	9
Oppland	0	7
Buskerud	2	15
Vestfold	1	8
Telemark	1	8
Aust-Agder	1	8
Vest-Agder	1	11
Rogaland	2	17
Hordaland	1	31
Sogn og Fjordane	0	5
Møre og Romsdal	2	14
Sør-Trøndelag	1	17
Nord-Trøndelag	1	4
Nordland	3	25
Troms	1	9
Finnmark Finnmarku	2	13
Svalbard	-	-

¹ Landet er delt inn i 23 konsesjonsområde for lokalfjernsyn og 146 konsesjonsområde for lokalradio. Tala for lokalradio er fordelte om lag fylkesvis, da nokre område går over i kvarandre.

Kjelde: Medietilsynet.

Tabell 13.7. Radiolytting og fjernsynssjåing blant personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag. Lyttar- og sjåardelar i prosent. 1991-2004

	1991	1992	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Radio													
NRKs P1	42	38	31	30	27	29	29	29	27	28	26	28	29
NRKs P2	25	24	7	8	5	5	5	5	4	5	5	5	4
NRKs P3	11	13	10	10	8	8	8	7	6	7	5
P4	18	21	21	22	19	21	19	18	21	19	16
Kanal 24	6
Nærradio	23	23	13	15	13	12	12	13	11	12	14	12	11
Andre kanalar	2	1	1	1	1	1	1	2	2	2	3	2	2
Fjernsyn													
NRK 1	74	67	58	62	55	53	53	51	50	54	52	51	53
NRK 2	¹ 10	8	8	10	9	7	7	11	8
TV2	² 23	42	55	50	51	50	54	51	53	56	51	52
TV Norge	9	12	12	14	13	16	16	19	15	20	18	21	18
TV3	7	9	7	9	12	12	12	14	14	14	13	12	14
Svensk TV	6	4	3	4	2	2	2	2	1	1	2	1	1
Lokal TV	2	1	1	1	1	0	1	1	1	1	1	1	1
Andre kanalar	8	9	7	8	7	8	9	9	10	12	12	10	12

¹ Gjeld frå september 1996.

² Gjeld frå september 1992.

Kjelde: Mediebruksundersøkingane, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 13.8. Minutt brukt til radiolytting og fjernsynssjåing ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder og utdanningsnivå. 2001-2004

	Radio				Fjernsyn			
	2001	2002	2003	2004	2001	2002	2003	2004
Minutt i alt	95	87	91	80	156	146	141	142
Kjønn								
Menn	98	93	93	81	152	151	145	147
Kvinner	92	82	89	80	159	140	137	137
Alder								
9-15 år	19	16	24	20	140	134	141	123
16-24 år	71	80	66	70	148	146	144	132
25-44 år	97	85	101	82	147	140	131	133
45-66 år	127	114	111	100	158	147	137	145
67-79 år	104	102	103	99	209	169	177	193
Utdanning								
Ungdoms- skolenivå	104	102	107	82	169	153	153	153
Vidaregåande skolenivå	122	102	111	102	171	150	149	159
Universitets- og høgskolenivå I	91	89	91	78	133	161	118	126
Universitets- og høgskolenivå II + .	71	77	73	54	129	129	118	102

Kjelde: Norsk Mediebarometer 2004.

14. 149 449 freda kulturminne i Noreg

Ei oversikt frå Riksantikvarens kulturminnedatabase (Askeladden) viser at det totalt var 149 449 registrerte freda kulturminne i Noreg i 2004. 96 prosent av alle kulturminna var arkeologiske enkeltminne. 145 200 av minna var automatisk freda.

Tabell 14.1 viser alle dei ulike kategoriene minne som er i Askeladden, fordelte på dateringstidspunkt og fylke. Nesten alle kulturminna frå tida før 1537 er arkeologiske kulturminne. 194 av totalt 204 freda kyrkjer er daterte frå middelalderen, og i tillegg er det 268 andre bygningar daterte frå middelalderen. 91 prosent av alle minna som er daterte mellom 1650 og 1849 er bygningar, og 94 prosent av minna daterte på 1900-talet er òg bygningar. For dei mellomliggjande periodane 1537-1649 og 1850-1899 utgjer bygningar ein lågare del av totalmengda. På Svalbard finn vi 139 teknisk/industrielle kulturminne og 237 bygningar som er daterte før 1946.


Arkeologiske enkeltminne utgjer den største kategorien i alle fylka. Det er tre regionar med ein stor del andre minne. I Svalbard, Oslo og Hordaland utgjer bygningar høvesvis 22, 21 og 17 prosent av alle kulturminne i fylket. Sjå tabell 14.1 for alle detaljane.

Totalt er det 4 607 freda bygningar, og enkeltpersonar eig 41 prosent av desse. Figur 14.1 viser også at staten eig 12 prosent av dei freda bygningane, mens 21

prosent står oppført med ukjend eigar (dei fleste av desse er bygningar som staten eig der eigedomsinformasjonen enno ikkje er lagd inn i basen) og 12 prosent er oppført med andre eigartypar.

Tabell 14.2 viser at det blei freda 462 nye kulturminne i 2004, slik at det er i alt 4 249 vedtaksfreda kulturminne. 458 av dei nye kulturminna kjem frå organisert/

Figur 14.1. Freda bygningar, etter eigartype. 31. desember 2004



¹ Tabellen omfattar bygningar som er freda etter Kulturminneloven. Kyrkjer er ikkje med i taloppgåvene.

² Aksjeselskap, bustadbyggjelag/burettslag, ansvarleg selskap, utanlandsk, annan eigartype.

³ Bygningar med meir enn ein eigartype (både legat/stifting og enkeltperson t.d.)

Kjelde: Askeladden (Riksantikvarens kulturminnedatabase).

offentleg verksemd, som no totalt utgjer 1 169 kulturminne. Denne auken gjer dette til den største gruppa. Tidlegare var det primærnæringsane med sine 1 056 vedtaksfreda kulturminne som var den største gruppa. I perioden 1979 til 2003 var det vedtaksfreda 1 929 kulturminne, der 35 prosent kom frå tertiærnæringsane og 30 prosent kom frå organisert/offentleg verksemd. Av dei 1 588 kulturminna som blei vedtaksfreda mellom 1923 og 1950, kom 48 prosent frå primærnæringsane.

Det er flest vedtaksfreda kulturminne i Oppland med 569, og 415 av desse kjem frå primærnæringsane. Sjå tabell 14.2 for alle detaljane.

Av alle freds kulturminna i Noreg, blei 145 200 automatisk freds. 99 prosent av desse minna er arkeologiske enkeltminne. Etter kulturminneloven er kulturminne frå før 1537 automatisk freds. Det gjeld alle arkeologiske kulturminne, ruinar og bygningar. I 1999 blei det vedteke å forlengje fredingsgrensa for byggverk, slik at dei no er automatisk freds dersom dei er frå før 1650. Samiske kulturminne er automatisk freds dersom dei er meir enn 100 år. På Svalbard er kulturminne frå før 1946 automatisk freds.

Dei 4 249 vedtaksfreda kulturminna kan delast opp i 3 724 vedtaksfreda og 525 forskriftsfreds kulturminne. Etter kulturminneloven kan departementet frede byggverk og anlegg frå nyare tid. Forskriftsfreding er ei forenkla form for freding som ikkje krev den same omfattande prosessen som vanleg vedtaksfreding, og som berre kan nyttast for staten sine eigedomar.

96 prosent av dei vedtaksfreda kulturminna er bygningar, og 94 prosent av dei

forskriftsfreds er bygningar. Sjå tabell 14.3 for nærare informasjon.

SEFRAK-bygningar

Tabell 14.4 viser talet på SEFRAK-registrerte bygningar og ruinar. SEFRAK er ei forkorting for *SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminner*, og registeret inneheld alle bygningar som er oppførte før 1900. I nokre delar av landet er også bygningar frå delar av 1900-talet tekne med, blant anna er grensa sett til 1940 i Finnmark på grunn av krigsøydeleggingane der og til 1910 i Ålesund på grunn av bybrannen. Dei fleste bygningane i SEFRAK-registeret er ikkje underlagde nokre former for formelt vern.

I 2004 var det registrert 421 516 bygningsobjekt, og 42 056 av desse er registrerte som tapte objekt. Dette tilsvarer no 10 prosent av dei registrerte bygningane. Det siste året auka talet på tapte bygningsobjekt med 2 209, noko som tilsvarer 0,6 prosent av alle dei ståande bygga per 1. januar 2004. Miljøverndepartementet si målsetjing om at dette talet ikkje skal overstige 0,5 prosent per år, blei såleis ikkje nådd i 2004.

Det er registrert flest bygningsobjekt i Hedmark, 49 999 eller 11 prosent av alle registrerte objekt. Sjølv om det også er registrert flest tapte bygningsobjekt i Hedmark, er det framleis fleire ståande objekt der enn i noko anna fylke, 37 731 eller 10 prosent av alle ståande objekt i landet. For Vest-Agder er 29,4 prosent av dei registrerte objekta tapte. Dette er den klart største delen tapte bygningsobjekt blant fylka. I 2004 blei det registrert 391 nye tapte objekt i Vest-Agder, noko som utgjer 2,3 prosent av dei ståande objekta per 1. januar 2004 i dette fylket. For resten av detaljane, sjå tabell 14.4.

Kommunale område med stor miljøverdi

Tabell 14.5 viser ei oversikt over byggesaksbehandling i område med stor miljøverdi. Dette gjeld tiltak i landbruks-, natur- og friområde, område med byggjeforbud langs sjø, område med byggjeforbud langs ferskvatn og spesialområde for bevaring av kulturminne. Felles for alle fire områda er at kommunane behandla færre søknader i 2004, 9 273 søknader mot 10 167 søknader i 2003. For søknader som gjeld tiltak i landbruks-, natur- og friområde, blei 69 prosent av søknadene innvilga i samsvar med plan, mot 62 prosent i 2003. For søknader som gjeld tiltak i spesialområde for bevaring av kulturminne blei 68 prosent innvilga i samsvar med planane, mot 73 prosent i 2003. Vi ser også at det er færrest avslag på søknader som gjeld tiltak i landbruk, natur- og friområde, og flest avslag på søknader som gjeld tiltak i område med byggjeforbud langs ferskvatn.

Søknader om dispensasjon etter kulturminneloven

Tabell 14.6 viser dispensasjonsbehandling i fylkeskommunen etter kulturminneloven og plan- og bygningsloven. Tala viser at det har vore ein sterk auke i talet på søknader, frå 121 i 2001 til 249 i 2004. Samstundes auka talet på innvilga søknader frå 94 i 2001 til 174 i 2004. Sett i forhold til kvarandre viser tala at ein mindre del av søknadene blir innvilga. 70 prosent blei innvilga i 2004, mot 84 prosent i 2002. Det er stor skilnad i talet på søknader til dei forskjellige fylkeskommunane, og det same gjeld delen av innvilga søknader. Den fylkeskommunen som skil seg ut er Hordaland, som mottok 69 søknader, men berre innvilga 41 prosent. Tabell 14.6 viser alle detaljane.

For meir informasjon om kulturminnevern i Noreg, viser vi til dei følgjande lenkjane:

Riksantikvaren - Direktoratet for kulturminneforvaltning: www.ra.no/

Askeladden - kulturminnedatabase: askeladden.ra.no

Miljøverndepartementet: odin.dep.no/md/

Fysisk planlegging i kommuner og fylkeskommuner: www.ssb.no/fysplan/

Nærmiljøinnsats i kommunene: www.ssb.no/miljo_koetra/

Tabell 14.1. Freda kulturminne¹. Enkeltminne², etter kategori og fylke. 31. desember 2004

	I alt	Arkeologisk enkeltminne	Bygning	Historisk hage	Kyrkje	Enkelt- minneindustrielt under vatn	Teknisk/ enkelt- minne	Uspesifisert enkelt- minne
I alt	149 449	143 801	4 607	24	204	329	232	252
Datering								
1537-1649	4 673	3 129	1 441	15	4	3	40	41
1650-1849	1 869	25	1 708	4	2	96	21	13
1850-1899	140	9	69	0	1	60	1	0
1900-talet	879	0	830	5	3	0	28	13
Bronsealder	2 275	2 275	0	0	0	0	0	0
Bronsealder - jernalder Eldre enn 1945	14 370	14 370	0	0	0	0	0	0
(Svalbard)	1 089	516	237	0	0	12	139	185
Førreformatorisk tid	8 292	8 289	0	0	0	2	1	0
Istid	4	4	0	0	0	0	0	0
Jernalder	58 074	58 073	0	0	0	1	0	0
Jernalder - middelalder	20 986	20 983	0	0	0	3	0	0
Middelalder	3 604	3 122	268	0	194	20	0	0
Samisk datering	8 136	8 018	0	0	0	118	0	0
Sein steinbrukande tid	63	63	0	0	0	0	0	0
Senneolitikum	2	2	0	0	0	0	0	0
Senneolitikum - bronsealder	14	14	0	0	0	0	0	0
Steinalder	9 375	9 367	0	0	0	8	0	0
Steinalder - bronsealder	131	129	0	0	0	2	0	0
Uviss tid	14 359	14 303	54	0	0	0	2	0
Vikingtid	1 059	1 058	0	0	0	1	0	0
Vikingtid - middelalder	55	52	0	0	0	3	0	0
Østfold	10 389	10 215	123	3	16	4	22	6
Akershus	7 290	7 069	197	0	12	2	8	2
Oslo	884	682	183	7	4	0	3	5
Hedmark	15 900	15 680	202	5	5	1	4	3
Oppland	11 278	10 670	584	0	23	0	1	0
Buskerud	5 541	5 241	272	2	18	0	7	1
Vestfold	6 642	6 433	168	0	22	1	7	11
Telemark	4 326	3 842	462	0	12	2	7	1
Aust-Agder	3 669	3 419	233	1	9	2	3	2
Vest-Agder	4 841	4 673	143	2	5	10	6	2
Rogaland	23 032	22 733	178	0	10	103	2	6
Hordaland	2 468	1 952	424	2	15	66	6	3
Sogn og Fjordane	2 169	1 942	186	0	12	29	0	0
Møre og Romsdal	3 286	3 052	174	2	10	44	3	1
Sør-Trøndelag	3 457	3 094	320	0	9	28	1	5
Nord-Trøndelag	6 612	6 470	122	0	10	7	2	1
Nordland	11 112	10 918	168	0	10	12	4	0
Troms	9 181	9 079	96	0	1	4	1	0
Finnmark Finnmarku ..	16 276	16 121	131	0	1	2	3	18
Svalbard	1 096	516	241	0	0	12	142	185

¹ Tabellane omfattar alle kulturminne som er registrerte som freda etter Kulturminneloven.

² Lokalitet/enkeltminne: Ein lokalitet er eit samanhengande kulturminneområde eller -anlegg som består av eitt eller fleire enkeltminne. Døme: eit gravfelt (lokalitet) med fleire gravhaugar (enkeltminne) eller ein fyrstasjon (lokalitet) med fleire bygningar (enkeltminne). Alle enkeltminne må vere knytt opp mot ein lokalitet.

Kjelde: Askeladden (Riksantikvarens kulturminnedatabase).

Tabell 14.2. Vedtaksfreda kulturminne¹, etter hovedgruppe, vedtaksår og fylke. 31. desember 2004

	I alt	Primær- næringar	Sekundær- næringar	Tertiær- næringar	Organisert/ offentleg verksemd	Religion/ tradisjon/ hending	Ikkje næringstil- knytt/privat	Andre funk- sjonar	Ingen verdi
I alt	4 249	1 056	165	767	1 169	51	254	727	60
Vedtaksår									
1923-1950	1 588	761	39	81	106	4	116	425	56
1951-1978	270	103	7	19	23	10	21	86	1
1979-2003	1 929	192	116	667	582	37	116	216	3
2004	462	0	3	0	458	0	1	0	0
Fylker									
Østfold	154	18	2	25	82	0	10	16	1
Akershus	207	3	5	48	112	4	4	31	0
Oslo	191	20	2	21	36	27	35	49	1
Hedmark	210	92	3	35	48	0	5	27	0
Oppland	569	415	0	18	64	5	3	62	2
Buskerud	251	98	17	38	57	1	11	29	0
Vestfold	181	0	5	45	82	1	14	34	0
Telemark	314	166	11	26	70	1	17	23	0
Aust-Agder	213	3	32	45	48	2	25	58	0
Vest-Agder	147	0	3	57	40	1	22	24	0
Rogaland	182	6	1	59	75	2	10	29	0
Hordaland	413	54	32	48	110	1	40	73	55
Sogn og Fjordane .	172	11	23	25	48	0	5	60	0
Møre og Romsdal .	166	6	0	42	46	1	25	46	0
Sør-Trøndelag	324	63	9	55	119	0	16	62	0
Nord-Trøndelag	125	20	11	18	45	1	4	26	0
Nordland	174	31	0	96	35	3	2	6	1
Troms	97	6	2	27	46	0	6	10	0
Finnmark Finnmarku	152	44	0	39	6	1	0	62	0
Svalbard	7	0	7	0	0	0	0	0	0

¹ Tabellane omfattar enkeltminne som er vedtaksfreda/forskriftsfreda etter Kulturminneloven (§§ 15 og 22a) eller Bygningsfredningsloven av 1920. Automatisk freda minne er ikkje med i oversikta.

Kjelde: Askeladden (Riksantikvarens kulturminnedatabase).

Tabell 14.3. Freda kulturminne, etter fredingsform og type. 31. desember 2004

	Tal på freda kulturminne i alt	Automatisk freda	Forskriftsfreda	Vedtaksfreda
I alt	149 449	145 200	525	3 724
Arkeologisk enkeltminne	143 801	143 797	0	4
Bygning	4 607	550	494	3 563
Historisk hage	24	0	1	23
Kyrkje	204	199	0	5
Enkeltminne under vatn .	329	329	0	0
Teknisk/Industrielt	232	140	19	73
Uspesifisert enkeltminne	252	185	11	56

Kjelde: Askeladden (Riksantikvarens kulturminnedatabase).

Tabell 14.4. SEFRAK-registrerte bygninger. Talet på bygninger og tap, etter fylke. 31. desember

	Registrerte byggnings- objekt ¹	Tapte byggnings- objekt ²	Stående byggnings- objekt ³ (per 01.01.05)	Tapte i prosent av tal regist- rerte	Talet på tapte byg- nings- objekt 2004	Tapte byggnings- objekt 2004 i prosent av alle regist- rerte	Tapte byggnings- objekt i 2004 i prosent av talet på stående per januar 2004	Regist- rerte ruinar ⁴
2000	395 740	31 456	364 284	7,9
2001	399 809	34 090	365 719	8,5	2 311	0,6	0,6	..
2002	407 928	36 024	371 904	8,8	1 242	0,3	0,3	..
2003	414 799	39 212	375 587	9,5	2 581	0,6	0,7	48 157
2004	421 516	42 056	379 460	10,0	2 209	0,5	0,6	50 281
Østfold	18 720	1 817	16 903	9,7	101	0,5	0,6	307
Akershus	22 114	2 310	19 804	10,4	215	1,0	1,1	957
Oslo	10 210	265	9 945	2,6	22	0,2	0,2	153
Hedmark	46 999	9 268	37 731	19,7	143	0,3	0,4	3 241
Oppland	35 226	3 366	31 860	9,6	87	0,2	0,3	2 398
Buskerud	32 667	1 662	31 005	5,1	85	0,3	0,3	3 092
Vestfold	16 000	1 219	14 781	7,6	118	0,7	0,8	238
Telemark	23 052	1 340	21 712	5,8	77	0,3	0,4	1 459
Aust-Agder	18 113	799	17 314	4,4	273	1,5	1,6	2 871
Vest-Agder	23 884	7 015	16 869	29,4	391	1,6	2,3	728
Rogaland	17 206	1 899	15 307	11,0	125	0,7	0,8	1 888
Hordaland	35 000	2 369	32 631	6,8	70	0,2	0,2	8 807
Sogn og Fjordane ...	23 930	527	23 403	2,2	45	0,2	0,2	7 897
Møre og Romsdal ...	32 713	2 188	30 525	6,7	64	0,2	0,2	9 691
Sør-Trøndelag	20 020	1 760	18 260	8,8	129	0,6	0,7	1 027
Nord-Trøndelag	11 007	1 659	9 348	15,1	78	0,7	0,8	384
Nordland	16 325	782	15 543	4,8	104	0,6	0,7	3 121
Troms	14 707	1 436	13 271	9,8	138	0,9	1,0	1 097
Finnmark Finnmarku	3 623	375	3 248	10,4	7	0,2	0,2	925

¹ Registrerte bygningsobjekt: Talet på SEFRAK-objekt som var stående bygninger på registreringstidspunktet (1975-1995).

² Tapte bygningsobjekt: SEFRAK-objekt som har status «revet» eller «utgått» i GAB. (per 01.01.04).

³ Stående bygningsobjekt: Differansen mellom «registrerte bygningsobjekt» og «tapte bygningsobjekt».

⁴ Talet på objekt som ikke var stående bygninger på registreringstidspunktet. Utviklinga i bestanden av slike finst det ikke data på. (Inngår ikkje i totaltalet.)

Kjelde: GAB/SEFRAK.

Tabell 14.5. Kommunal byggesaksbehandling i område med stor miljøverdi. 2001-2004

	År	Talet på behandla saker ²	Prosentdel søknader innvilga i samsvar med plan	Prosentdel søknader innvilga ved dispensasjon	Prosentdel av søknader avslått
Tiltak i landbruks-, natur- og friområde ¹ (LNF-områder)	2001	15 853	70	23	8
	2002	17 167	74	20	6
	2003	7 801	62	29	9
	2004	7 175	69	26	5
Tiltak i område med byggjeforbod langs sjø ¹	2001	1 636	.	67	33
	2002	1 570	.	69	31
	2003	1 175	.	74	26
	2004	1 167	.	74	26
Tiltak i område med byggjeforbod langs ferskvatn ¹ .	2001	336	.	80	20
	2002	410	.	80	20
	2003	325	.	74	26
	2004	295	.	68	32
Tiltak i spesialområde for bevaring av kulturminne ..	2001	799	79	12	10
	2002	568	71	16	13
	2003	866	73	11	17
	2004	636	68	19	14

¹ Frå 2003 gjeld dispensasjonane berre nybygg, før dette gjaldt det alle dispensasjonar.

² Talet på saker gjeld berre kommunar som har rapportert 2001-2003. Om lag 80 prosent av kommunane har rapportert. For 2004 gjeld talet for heile landet.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 14.6. Dispensasjonsbehandling i fylkeskommunen, etter kulturminneloven og plan- og bygningsloven. 2001-2004

	Talet på mottekne søknader om dispensasjon etter kulturminneloven	Innvilga søknader	Talet på behandla søknader om dispensasjon etter plan- og bygningsloven
Alle fylkeskommunane			
2001 ¹	121	94	..
2002	170	143	..
2003 ²	190	140	4 186
2004	249	174	5 013
Østfold	3	2	6
Akershus	13	10	146
Oslo	16	15	140
Hedmark	9	6	174
Oppland	28	24	178
Buskerud	2	2	104
Vestfold	6	6	126
Telemark	17	14	90
Aust-Agder	18	15	213
Vest-Agder	11	9	520
Rogaland	19	14	114
Hordaland	69	28	1 023
Sogn og Fjordane	2	2	34
Møre og Romsdal	0	0	518
Sør-Trøndelag	20	15	425
Nord-Trøndelag	1	1	354
Nordland	1	0	128
Troms	6	5	690
Finnmark Finnmarku	8	6	30

¹ I 2001 mangla rapportering frå tre fylkeskommunar.

² I 2003 mangla rapportering frå ein fylkeskommune.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

15. Framleis aukar talet på medlemmer i NIF

I 2004 blei det registrert 1,65 millionar ordinære medlemskapar i Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité (NIF), ein auke på 70 000 medlemskapar det siste året. Det er eit klart fleirtal mannlege medlemmer med 61,2 prosent av alle medlemmene, men det siste året kom det til fleire kvinnelege enn mannlege medlemmer. 51 prosent av auken på 70 000 medlemskapar var kvinner.


Medlemskapstala er baserte på rapportar frå kvart enkelt idrettslag, og omtrent 97 prosent av dei registrerte idrettslaga har rapportert. Samstundes er det viktig å gjere merksam på at tala syner summen av medlemmer i kvar idrettsklubb, og ikkje talet på personar som totalt er medlem i den organiserte idretten. Idretten i Noreg er organisert ved at ein er medlem i ein klubb som er medlem i ein idrettskrins. Desse tala er å finne i tabell 15.1. Samstundes kan ein vere aktiv innanfor ein eller fleire idrettsgrupper som er medlem i dei ulike særforbunda. Desse tala er viste i tabell 15.2. Det er også viktig å poengtere at tala på medlemskapar og tala på aktive ikkje er like da ein person kan vere aktiv innanfor fleire idrettar sjølv om han berre har ein medlemskap i eit idrettslag.

Det har vore ein auke i medlemstala alle dei siste åra, frå 1,43 millionar i 2001 til 1,65 millionar medlemskapar i 2004. 2001 var første året Norges Idrettsforbund gjennomførte ei elektronisk registrering av tala frå idrettslaga i heile Noreg, og tala frå 2001 er nok lågare enn

dei reelle tala. Samstundes var det òg ein auke i talet på registrerte lag, frå 7 531 i 2003 til 7 633 i 2004.

Det er flest medlemmer i Akershus idrettskrins med 199 000, tett etter følger Oslo med 192 000. Akershus har også flest medlemmer innanfor dei to yngste aldersgruppene for begge kjønn, medan Oslo har flest medlemmer blant

Figur 15.1. Medlemskap i Norges idrettsforbund, etter alder og kjønn. 2004



Kjelder: Norges Idrettsforbund og Olympiske komité.

dei over 20 år for begge kjønn. Finnmark er den minste idrettskrisen målt i medlemmer, med sine 25 500 medlemmer. Deretter kjem Aust-Agder med 35 000 medlemmer. Men høgste kvinne delen har Finnmark med 43 prosent, deretter kjem Sogn og Fjordane med 42 prosent. Høgste prosentdel menn har Østfold med 66 prosent og Oslo 64 prosent. Sjå tabell 15.1 for meir utfyllande informasjon.

Dersom vi ser nærmare på fordelingane innanfor aldersgruppene for menn og kvinner, ser vi at 56 prosent av dei mannlige medlemmene var 20 år eller eldre, medan 52 prosent av dei kvinnelege medlemmene er 19 år eller yngre.

I tillegg til tala på medlemskapar i dei ordinære idrettskrisane, har vi òg ei oversikt over tala på medlemskap i bedriftsidrettsklubbar. I 2004 var det registrert 317 000 medlemskapar innanfor 4 542 lag. Tala syner at bedriftsidrettsklubbar ikkje har hatt den same auken som medlemskap i dei ordinære idrettskrisane. Det høgste medlemstalet var 326 000 i 2001, men desse tala er noko uvisse. Desse medlemskapane kjem i tillegg til dei ordinære, slik at det totalt er 1,97 millionar medlemskapar i NIF

Fotball den mest populære aktiviteten


Aktivitetstala er baserte på rapportar frå kvar enkelt særrettsgruppe, og i 2004 rapporterte om lag 95 prosent av dei ulike gruppene. I tillegg er det nokre særforbund som husar fleire forskjellige aktivitetar, til dømes arrangerer Norges Volleyballforbund både vanleg volleyball og sandvolleyball. Totalt er det 177 ulike idrettsgreiner i dei 55 særforbunda.

Fotball er den klart mest populære aktiviteten i Noreg. Det er 393 000 aktive

innanfor dei aktivitetane som opererer under Norges Fotballforbund. Det er over dobbelt så mange som Norges Skiforbund som er det nest største av særforbunda med 152 500 aktive. Fotball er også den mest populære aktiviteten blant både kvinner og menn. Norges Håndballforbund er det nest største forbundet blant kvinner og Norges Mosjons- og bedriftsidrettsforbund er det nest største blant menn. Sjå tabell 15.3 for fleire detaljar kring aktivitetstala.

Figur 15.2 viser fordelinga blant kvinner og menn i nokre utvalde særforbund. Norges Rytterforbund, Norges Danseforbund og Norges Gymnastikk- og Turnforbundet er dei tre mest kvinne dominerte forbunda, medan Norges Luftsportforbund, Norges Skytterforbund og Norges

Figur 15.2. Kjønnfordeling blant dei aktive innanfor ulike særforbund. 2004



Kjelde: Norges Idrettsforbund og Olympiske komité.

Ishockeyforbund er dei tre mest mannsdominerte forbunda.

Idrettsanlegg

I 2004 var det registrert 40 122 idrettsanlegg i idrettsanleggsregisteret, fordelt på 11 628 nærmiljøanlegg, 28 489 ordinære idrettsanlegg og fem nasjonalanlegg. Dei fem nasjonalanlegga er Ullevål stadion (fotball), Holmenkollen (ski nordiske greiner og skiskyting), Vikingskipet (skøyter - hurtigløp), Kvittfjell (alpint - fartsdisiplinar) og Vikersund (skiflyging). Nærmiljøanlegg er anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet. Anlegga skal vere fritt tilgjengelege for allmenta og dei skal ikkje dekkje behovet for organisert idrettsleg aktivitet eller konkurranse. Møre og Romsdal har flest anlegg totalt med 3 206 anlegg. Fylket har også flest ordinære idrettsanlegg. Rogaland har flest nærmiljøanlegg. Det er færrest anlegg på Svalbard med åtte. Sjå tabell 15.4 for alle detaljane.

Ser vi nærare på type anlegg som er registrert, finn vi blant anna 4 447 fotballanlegg, 4 069 skianlegg, og 114 golfbanar. Tek vi høgde for talet på innbyggjarar i Noreg, ser vi blant anna at det er 1 038 innbyggjarar per fotballbane, 4 282 per symjehall, 1 827 per skiløype og 91 549 per 18 hols golfbane. Sjå tabell 15.5 for fleire detaljar.

Friluftsliv

Tabell 15.6 viser tal for utviklinga av medlemskap og talet på lokallag som har tilknytning til Friluftslivets fellesorganisasjon. Totalt er det registrert 3 542 lokallag og 508 000 medlemmer. Den Norske Turistforening er desidert størst, med over 204 000 medlemmer i 2004, og det har vore ein auke kvart av dei siste fire åra. Deretter følgjer Norges jeger- og fiskeforbund, med rundt 111 000 med-

lemmer. Det er flest lokallag som er knytte til Norske 4H.

1,2 milliardar til idrettsformål

I 2004 blei det delt ut 1,2 milliardar til idrettsformål, ein auke på 376 millionar sidan 2001. Omtrent halvparten av beløpet går til idrettsanlegg i kommunane, og beløpet har auka kvart år sidan 2001. Sjå tabell 15.7 for alle detaljane.

Fotball mest populært blant folk flest

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei undersøking for å kartleggje blant anna kor ofte personar har vore til stades på ulike idrettsarrangement. Tala syner at det har vore ein liten nedgang i talet på personar som har vore på ulike idrettsarrangement i forhold til 2000, men at dei i gjennomsnitt var litt fleire gonger på slike arrangement. Det er flest menn som går på idrettsarrangement, og menn går fleire gonger enn kvinner i gjennomsnitt. Vi ser også at 69 prosent av dei under 16 år har vore på idrettsarrangement, men det er personar i gruppa 25-44 år som har vore der flest gonger med 7,8 besøk. Tabell 15.8 viser fleire av detaljane.

Tabell 15.9 viser at fotball er det mest besøkte idrettsarrangementet. 63 prosent av dei spurde hadde vore på eit fotballarrangement sist dei var på eit idrettsarrangement. Handball kjem nest best ut med 13 prosent. Vi ser også at skiidrett har hatt ein nedgang i besøk sidan Lillehammer-OL i 1994, men dette var eit toppår for skiidretten i Noreg.

For meir informasjon om idrett og friluftsliv, sjå dei følgjande lenkene:
Friluftslivets fellesorganisasjon:
www.frifo.no/

Kultur- og kyrkjedepartementet: –HYPERLINK "<http://odin.dep.no/kkd/>" —
odin.dep.no/kkd/norsk/tema/idrett/bn.html/

Idrettsanlegg.no: www.idrettsanlegg.no/

Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité: www.idrett.no/

Klubben Online: www.klubbenonline.no/

Norsk kulturbarometer 2004:
www.ssb.no/kulturbar/

Tabell 15.1. Talet på lag og medlemskap, fordelt på idrettskrins. 2001-2004

	Talet på lag	I alt	Medlemskap							
			Menn				Kvinner			
			I alt og yngre	12 år og yngre	13-19 år	20 år og eldre	I alt og yngre	12 år og yngre	13-19 år	20 år og eldre
I alt	7 136	1 430 597	880 658	214 268	151 983	514 407	549 939	162 050	105 199	282 690
2002	7 292	1 534 868	945 645	238 936	169 299	537 410	589 223	182 895	118 250	288 078
2003	7 531	1 579 550	975 016	250 267	176 490	548 259	604 534	190 571	122 714	291 249
2004	7 633	1 649 311	1 008 923	258 629	182 892	567 402	640 388	204 094	131 704	304 590
Idrettskrins										
Østfold	387	81 461	53 525	11 321	8 941	33 263	27 936	8 708	6 028	13 200
Akershus	681	198 993	125 273	34 256	23 334	67 683	73 720	25 343	15 290	33 087s
Oslo	612	192 223	123 756	24 265	17 925	81 566	68 467	15 972	11 032	41 463
Hedmark	357	64 294	39 844	10 947	6 946	21 951	24 450	8 496	4 965	10 989
Oppland	411	74 458	44 686	11 168	7 301	26 217	29 772	9 031	5 376	15 365
Buskerud	372	90 710	57 828	13 737	11 014	33 077	32 882	9 703	6 765	16 414
Vestfold	296	71 452	45 327	10 969	7 568	26 790	26 125	8 051	4 917	13 157
Telemark	306	56 634	34 169	8 807	6 058	19 304	22 465	7 015	4 704	10 746
Aust-Agder	195	34 826	21 235	5 283	4 043	11 909	13 591	3 985	2 765	6 841
Vest-Agder	281	51 446	31 394	8 533	5 684	17 177	20 052	6 592	4 150	9 310
Rogaland	531	119 984	70 791	21 507	14 454	34 830	49 193	20 477	11 420	17 296
Hordaland	712	163 836	97 029	29 409	19 711	47 909	66 807	24 908	14 922	26 977
Sogn og Fjordane	194	44 356	25 630	6 041	4 945	14 644	18 726	5 285	3 870	9 571
Møre og Romsdal	492	91 045	54 194	13 659	10 136	30 399	36 851	10 851	8 243	17 757
Sør-Trøndelag	474	117 354	69 715	15 595	12 914	41 206	47 639	12 812	9 958	24 869
Nord-Trøndelag	288	55 956	32 770	7 298	6 337	19 135	23 186	5 933	5 225	12 028
Nordland	490	65 712	38 398	12 791	7 465	18 142	27 314	10 129	5 778	11 407
Troms	358	49 075	28 706	8 697	5 481	14 528	20 369	7 061	4 090	9 218
Finnmark	196	25 496	14 653	4 346	2 635	7 672	10 843	3 742	2 206	4 895

Kjelde: Norges Idrettsforbund og Olympiske komité.

Tabell 15.2. Bedriftsidrettslag og talet på medlemskap. 2001-2004

	Talet på lag	Medlemskap				
		I alt	Menn		Kvinner	
			19 år og yngre	20 år og eldre	19 år og yngre	20 år og eldre
2001	4 380	326 270	3 504	197 872	2 233	122 661
2002	4 560	314 482	4 280	187 098	3 574	119 530
2003	4 780	304 297	4 567	186 106	3 441	110 183
2004	4 542	316 999	3 283	189 000	3 311	121 405

Kjelde: Norges Idrettsforbund og Olympiske komité.

Tabell 15.3. Talet på aktive, etter særforbund¹. 2004

Særidrett	Talet på klubbar/-grupper	Medlem- skapar i alt	Menn				Kvinner			
			I alt	Menn			I alt	Kvinner		
				0-12 år	13-19 år	20- år		0-12 år	13-19 år	20- år
Norges Ake-, Bob- og Skeletonforbund	9	924	735	16	65	654	189	27	21	141
Norges Amerikansk Fotball og Cheer-leading Forbund	24	1 822	1 218	12	597	609	604	49	340	215
Norges Badmintonforbund	129	5 604	3 807	639	1 004	2 164	1 797	447	528	822
Norges Bandyforbund	268	20 399	16 828	4 093	4 513	8 222	3 571	576	1 094	1 901
Norges Basketballforbund	179	10 751	7 498	2 329	2 566	2 603	3 253	988	1 252	1 013
Norges Biljardforbund	43	6 029	5 035	160	1 280	3 595	994	43	260	691
Norges Motorsportforbund	314	21 332	18 304	3 142	3 974	11 188	3 028	685	08	1 735
Norges Bokseforbund	67	4 296	3 324	255	1 303	1 766	972	36	307	629
Norges Bordtennisforbund	114	5 532	4 153	1 389	1 184	1 580	1 379	576	323	480
Norges Bowlingforbund	117	4 924	3 701	198	772	2 731	1 223	84	196	943
Norges Bryteforbund	51	6 063	4 445	1 352	936	2 157	1 618	457	278	883
Norges Bueskytterforbund	99	4 550	3 475	499	879	2 097	1 075	121	202	752
Norges Castingforbund	34	3 263	2 892	115	311	2 466	371	31	64	276
Norges Curlingforbund	20	2 858	2 078	100	257	1 721	780	91	173	516
Norges Cykleforbund	208	17 546	14 398	1 433	1 778	11 187	3 148	448	447	2 253
Norges Danseforbund	85	17 791	4 279	839	444	2 996	13 512	5171	3 304	5 037
Norges Dykkeforbund	153	8 895	7 148	397	930	5 821	1 747	292	281	1 174
Norges Fekteforbund	20	1 681	1 061	201	270	590	620	71	139	410
Norges Fotballforbund	1 752	392 757	288 347	116 075	76 480	95 792	104 410	44 067	36 067	24 276
Norges Friidrettsforbund	730	58 428	33 395	10 313	6 071	17 011	25 033	9 685	4 969	10 379
Norges Friisbeeforbund	15	684	490	26	65	399	194	23	19	152
Norges Gang- og Mosjonsforbund	560	47 730	24 284	5 604	3 063	15 617	23 446	5 184	2 801	15 461
Norges Golfforbund	200	123 392	89 825	3 251	9 439	77 135	33 567	1207	2 412	29 948

Tabell 15.3. (framh.) **Talet på aktive, etter særforbund¹. 2004**

Særidrett	Talet på klubbar/-grupper	Medlem- skapar i alt	Menn			Kvinner				
			I alt	0-12 år	13-19 år	20- år	I alt	0-12 år	13-19 år	20- år
Norges Gymnastikk- og Turnforbund	412	79 552	19 913	13 198	1 732	4 983	59 639	32 758	7 025	19 856
Norges Hundekjørerforbund	55	5 117	2 867	252	380	2 235	2 250	282	410	1 558
Norges Håndballforbund	724	99 962	30 542	13 046	7 626	9 870	69 420	31 021	23 681	14 718
Norges Ishockeyforbund	90	11 114	10 180	4 161	2 162	3 857	934	366	120	448
Norges Judoforbund	68	3 435	2 707	1 414	676	617	728	380	169	179
Norges Kampsportforbund	333	29 224	19 829	7 651	5 554	6 624	9 395	3 379	2 996	3 020
Norges Kickboxing Forbund	50	5 545	3 586	343	1 571	1 672	1 959	189	937	833
Norges Klatreforbund	126	8 966	5 398	704	863	3 831	3 568	792	653	2 123
Norges Luftsportsforbund ..	222	12 603	11 572	31	471	11 070	1 031	11	161	859
Norges Orienteringsforbund	407	29 891	17 996	3 124	2 429	12 443	11 895	2 966	1 783	7 146
Norges Padleforbund	77	10 044	6 491	474	868	5 149	3 553	344	371	2 838
Norges Roforbund	51	4 852	3 263	163	730	2 370	1 589	110	263	1 216
Norges Rugbyforbund	24	1 478	1 002	45	204	753	476	43	73	360
Norges Rytterforbund	313	31 064	4 341	725	534	3 082	26 723	5 169	10 031	11 523
Norges Seilforbund	105	20 328	15 841	992	1 362	13 487	4 487	694	689	3 104
Norges Skiforbund	1 145	152 548	93 125	40 368	13 600	39 157	59 423	29 570	7 705	22 148
Norges Skiskytterforbund ..	160	6 885	4 894	1 400	1 182	2 312	1 991	620	387	984
Norges Skytterforbund	543	31 241	28 617	924	1 742	25 951	2 624	257	407	1 960
Norges Skøyteforbund	92	8 902	4 593	1 831	596	2 166	4 309	2 496	605	1 208
Norges Snowboardforbund	59	3 602	2 587	450	1 379	758	1 015	201	444	370
Norges Soft- og baseballforbund	17	597	475	41	130	304	122	28	27	67
Norges Squashforbund	31	2 900	2 434	91	153	2 190	466	33	71	362
Norges Styrkeløftforbund ..	66	4 767	3 865	48	1 076	2 741	902	19	249	634
Norges Svømmeforbund ...	242	43 299	20 776	14 595	2 286	3 895	22 523	15 637	2 856	4 030
Norges Tennisforbund	147	22 129	13 685	2 680	2 823	8 182	8 444	1 764	2 310	4 370
Norges Triathlonforbund ...	42	1 876	1 225	92	156	977	651	87	46	518
Norges Vannskiforbund	24	2 199	1 460	221	423	816	739	159	198	382
Norges Vektløfterforbund .	45	3 335	2 858	132	664	2 062	477	33	138	306
Norges Volleyballforbund ..	407	34 415	16 612	2 677	7 112	6 823	17 803	3 039	8 777	5 987
Norges Funksjonshemmedes Idrettsforbund	-	6 314	3 899	358	593	2 948	2 415	312	383	1 720
Norges Mosjons- og bedriftsidrettsforbund	4 542	150 915	102 601	2 068	1 423	99 110	48 314	818	1 615	45 881
Norges Studentidrettsforbund	102	27 952	16 650	48	1 134	15 468	11 302	11	1 160	10 131

¹ Nokre aktive er førte opp under fleire særiddrettsforbund, eller fleire gonger i same særforbund.

Kjelde: Norges Idrettsforbund og Olympiske komité.

Tabell 15.4. Talet på anlegg, etter klassifikasjon, fordelt på fylke. 2004

	I alt	Nasjo- nal anlegg	Ordinære idretts- anlegg	Nær- miljø- anlegg
Totalt	40 122	5	28 489	11 628
Østfold	1 783	-	1 262	521
Akershus	3 158	-	2 191	967
Oslo	1 661	2	1 088	571
Hedmark	2 631	1	2 046	584
Oppland	2 705	1	2 085	619
Buskerud	2 738	1	2 100	637
Vestfold	1 417	-	1 001	416
Telemark	1 706	-	1 264	442
Aust-Agder	1 366	-	922	444
Vest-Agder	1 857	-	1 171	686
Rogaland	2 828	-	1 746	1 082
Hordaland	2 946	-	1 913	1 033
Sogn og Fjordane ...	1 766	-	1 138	628
Møre og Romsdal ...	3 206	-	2 353	853
Sør-Trøndelag	2 096	-	1 522	574
Nord-Trøndelag	1 854	-	1 271	583
Nordland	2 295	-	1 692	603
Troms	1 454	-	1 138	316
Finnmark Finnmarku	647	-	579	68
Svalbard	8	-	7	1

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

Tabell 15.5. Talet på anlegg og innbyggjarar per anlegg for nokre utvalde anleggs-kodar. 2004

Type anlegg	Einingar	Innbyggjarar per eining
Skianlegg i alt	4 069	1 125
Alpinbakkar	574	7 975
Hoppbakkar	989	4 628
Skiløyper	2 506	1 827
Friluftsliv i alt	2 791	1 640
Tursti	2 563	1 786
Turkart	228	20 077
Fotballanlegg i alt	4 447	1 029
Fotballbaner	4 408	1 038
Fotballhallar	39	117 371
Friidrettsanlegg i alt	1 008	4 541
Fast dekke	119	38 466
Grusdekke	527	8 686
Delanlegg	362	12 645
Hestesportanlegg	270	16 954
Ridebaner	187	24 478
Ridehallar	83	55 150
Isanlegg	52	88 028
Ishallar	34	134 631
Hurtigløpsbaner (kunstis)	10	457 746
Bandybaner (kunstis) ...	8	572 182
Idrettshallar	3 777	1 212
Fleirbrukshallar	739	6 194
Gymnastikksalar	3 038	1 507
Nærmiljøanlegg	9 141	501
Balløkker/ballbingar	4 511	1 015
Aktivitetsanlegg	3 574	1 281
Skolekart	1 056	4 335
Symjehallar	1 154	3 967
Symjehallar	1 069	4 282
Utandørs symjeanlegg .	85	53 852
Golfbaner	114	40 153
18 hol	50	91 549
9 hol	64	71 523
Orientering	3 403	1 345
Orienteringskart	3 375	1 356
Skiorienteringskart	28	163 481

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

Tabell 15.6. Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO). Lokallag og medlemskap. 2001-2004

	2001		2002		2003		2004	
	Lokal- lag	Medlem- skap	Lokal- lag	Medlem- skap ¹	Lokal- lag	Medlem- skap	Lokal- lag	Medlem- skap
Heile landet	3 751	481 622	3 776	488 776	3 837	503 464	3 542	507 879
Den Norske Turistforening	49	193 728	50	197 306	50	201 333	51	203 896
Skiforeningen	7	47 636	7	47 700	8	50 000	7	48 500
Norges jeger- og fiskeforbund	570	97 090	573	101 272	576	103 488	577	110 892
Norges folkesportforbund	375	25 000	344	25 000	330	25 000	316	20 000
Norges KFUK-Speidere ...	316	6 346	320	6 333
Norges KFUM-Speidere ..	216	7 315	275	7 315
KFUK-KFUM-speiderne	531	13 469	323	13 135
Norges Klatreforbund ¹	125	7 007	126	8 966
Norges orienteringsforbund	419	31 936	415	32 070	415	30 433	407	29 891
Norges Padleforbund	67	7 545	70	7 500	76	8 900	77	10 044
Norges Røde Kors Hjelpekorps	325	11 743	324	11 854	323	12 145	325	11 580
Norges speiderforbund ...	657	23 240	640	21 602	614	21 213	610	20 970
Norske 4H	733	18 018	743	18 824	776	18 789	709	18 232
Syklistenes landsforening	17	12 025	15	12 000	13	11 687	14	11 773

¹ Ny medlem 2003.² Nedgangen i lokale lag kjem av samanslåinga av KFUK- og KFUM-speidarane.

Kjelde: Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO).

Tabell 15.7. Hovedfordeling av spelemidler til idrettssektoren. 2001-2004. Mill. kr

	2001	2002	2003	2004
I alt	824,0	858,3	1 050,0	1 200,0
Idrettsanlegg				
Idrettsanlegg i kommunane	351,8	396,0	525,0	578,7
Anleggspolitisk program ¹	10,0	10,0	11,5	68,0
Anlegg for friluftsliv i fjellet	9,0	9,0	10,0	9,5
Nasjonalanlegg/spesielle anlegg				
Nasjonalanlegg	25,0	10,0	20,0	20,0
Spesielle anlegg	12,5	3,0	6,0	2,6
Forsknings- og utviklingsarbeid				
Idrettsforskning	14,2	14,8	16,5	16,0
Idrettsfagleg utvikling	2,0	1,8	1,6	1,5
Anleggspolitisk utvikling	3,2	3,2	2,9	2,5
Idrettsanleggsregisteret (KRIS)	1,1	1,1	1,5	1,5
Plan- og utviklingsarbeid i kommunane	-	-	2,2	1,9
Spesielle aktivitetar				
Antidopingarbeid ²	5,5	4,7	14,6	22,0
Fysisk aktivitet, lokal tilknytning og sosial integrasjon	14,8	16,3	15,3	11,9
Friluftstiltak for barn og ungdom	1,8	1,9	2,5	3,2
Landslaget Fysisk Fostring i Skolen	1,2	1,0	1,0	0,8
Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité				
Grunnstønad NIF	68,3	68,0	75,0	75,0
Grunnstønad særforbund	109,0	116,0	118,0	120,0
Barn, ungdom og breiddeidrett	50,0	55,0	65,0	90,0
Toppidrett	44,0	45,0	47,5	55,0
Tilskott til lokale lag og foreiningar				
Tilskott til lokale lag og foreiningar	82,4	86,0	105,0	120,0

¹ "Anleggspolitisk program" gjeld berre for 2004. Tidlegare var dette "Idé- og arkitektkonkurranse", og talmaterialet kan ikkje direkte samanliknast.

² "Antidopingarbeid" kan ikkje direkte samanliknast. Antidoping Norge er oppretta, tidlegare låg tilsvarande arbeid i NIF. Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

Tabell 15.8. Personar som har vore på idrettsarrangement, og talet på besøk i gjennomsnitt dei siste tolv månadene, etter kjønn, alder og utdanning. 1997-2004

	Prosent			Besøk i gjennomsnitt		
	1997	2000	2004	1997	2000	2004
Alle personar	54	57	55	6,2	5,2	5,9
Kjønn						
Menn	61	62	62	7,4	6,0	6,8
Kvinner	48	51	49	5,0	4,4	5,0
Alder						
9-15 år	76	72	69	7,2	5,6	6,4
16-24 år	69	72	64	7,2	6,9	6,4
25-44 år	61	62	63	8,4	6,6	7,8
45-66 år	45	45	47	4,7	3,5	4,9
67-79 år	19	29	25	0,9	1,5	1,2
Utdanning						
Ungdomskolenivå	42	52	43	4,3	5,7	4,3
Vidaregåande skolenivå	54	55	55	6,9	4,8	6,4
Universitets- og høgskolenivå I .	58	59	59	6,2	5,2	5,7
Universitets- og høgskolenivå II +	54	55	55	5,9	5,4	5,8

Kjelde: Norsk kulturbarometer 2004, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 15.9. Personar som har vore på ulike typar arrangement sist dei var på idrettsarrangement. 1991, 1994, 1997, 2000 og 2004. Prosent

	Fotball	Handball	Ishockey	Annan lagidrett	Løping	Annan friidrett	Skiidrett	Skøyteløp	Annan individuell idrett
1991	61	14	3	5	3	5	5	0	6
1994	52	14	3	3	3	2	13	2	9
1997	60	14	2	3	2	4	8	0	7
2000	62	14	2	4	1	3	5	0	9
2004	63	13	2	3	1	3	5	0	9

Kjelde: Norsk kulturbarometer 2004, Statistisk sentralbyrå.

Dei sist utgjevne publikasjonane i serien Statistiske analyser*Recent publications in the series Statistical Analyses*

- | | | | |
|----|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 57 | O.F. Vaage: Norsk mediebarometer 2002. 2003. 86s. 180 kr inkl. mva. ISBN 82-537-5344-6 | 66 | K. Rose Tronstad: Innvandring og innvandrere 2004. 2005. 143s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6701-3 |
| 58 | F. Brunvoll og H. Høie: Natural Resources and the Environment 2002. 2003. 205s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-5348-9 | 67 | K. Rose Tronstad: Immigration and Immigrants 2004. 2005. 127s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6749-8 |
| 59 | F. Brunvoll og H. Høie: Naturressurser og miljø 2003. 2003. 233s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6479-0 | 68 | O. Vaage: Norsk mediebarometer 2004. 2005. 86s. 180 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6766-8 |
| 60 | M. Raabe: Utdanning 2003 - ressurser, rekruttering og resultater. 2003. 230s. 300 kr . inkl. mva. ISBN 82-537-6503-7 | 69 | Hundre års ensomhet? Norge og Sverige 1905-2005. 2005 160s. 260 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6767-6 |
| 61 | F. Brunvoll og H. Høie: Natural Resources and the Environment 2003. 2003. 236s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6519-3 | 70 | F. Brunvoll, H. Høie og S.E. Stave: Natural Resources and the Environment 2004. 2005. 246s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6769-2 |
| 62 | I. Melby, O.E. Nygård, T.O. Thoresen og A. Walseth: Inntekt, skatt og overføringer 2003. 2003. 158S. 260 kr inkl.mva. ISBN 82-537-6551-7 | 71 | M. Hansen-Møllerud, A. Kalvøy, G.M. Pilskog og H. Rød: Nøkkeltall om Informasjonssamfunnet 2004. 2005.136s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6793-5 |
| 63 | O. Vaage: Norsk mediebarometer 2003. 2003. 86s. 180 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6576-2 | 72 | E. Ugreninov: Seniorer i Norge. 2005. 175s. 260 kr inkl.mva. ISBN 82-537-6795-1 |
| 64 | A. Barstad og O. Hellevik: På vei mot det gode samfunn? 2004. 153s. 260 kr inkl.mva. ISBN 82-537-6621-1 | 73 | O.Vaage: Norsk kulturbarometer 2004. 2005. 108s. 210 k r inkl. mva. ISBN 82-537-6803-6 |
| 65 | F. Brunvoll, H. Høie og S.E. Stave: Naturressurser og miljø 2004. 2004. 239s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6680-7 | 74 | M. Raabe: Utdanning 2005 – deltakelse og kompetanse. 2005. 300s. 340 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6844-3 |
| | | 75 | F. Brunvoll, H. Høie og S.E. Stave: Naturressurser og miljø 2005. 268s. 300 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6886-9 |